



## Dei driftige jærbondene

ANNE JORUNN FRØYEN

*Fleire har nytta omgrepet "dei driftige jærbondene". Historikaren Stein Tveite skreiv om eigenskapane til jærbonden i første halvdel av 1900-talet. Anne Jorunn Frøyen har kalla si hovudfagsoppgåve i historie "Den driftige jærbonden i etterkrigstida – myte eller realitet?". I denne artikkelen presenterer ho hovudtrekka i dette arbeidet. Ho nytta Jærmuseet som base under arbeidet med oppgåva, og ho har også vore med på noko av vårt eige feltarbeid i det jærsk jordbruket.*

*Frøyen nyttar jordbrukstatistikken frå jærkommunane som grunnlag for sin analyse. Ho fann m.a. at det ikkje lenger er slik at alle jærbonder er prega av same driftigheit som før. Frå 1970-talet utvikla det seg eit skille mellom nord og sør på Jæren i så måte.*

Driftig tyder drivande, initiativrik og arbeidsom. Det var på slutten av 1800-talet at jærbondene fekk ord på seg for å vere eineståande driftige. Ein kunne finne prov på driftigheita i avsetjingsmetodane, i nydyrkinga, i bruken av innsatsmidlar, i auken i talet på dyr og avdrått. Dei arbeidde hardt, dei var dyktige og innstilte på å satse.<sup>1</sup> Vi skal sjå korleis det gjekk med denne driftige bonden i andre halvdel av 1900-talet, og spørje om det fanst empirisk belegg for at jærbondene kunne fortsette med å kalle seg driftige.

Her vil statistikk, som for det meste er utarbeida ved hjelp av jordbruksteljingane, danne det empiriske

grunnlaget. Statistikken vil bli brukt til å samanlikne jærbonder med bønder i andre gode jordbruksstrøk i landet; flatbygdene på Austlandet og i Trøndelag. I tillegg vil jærbonden bli samanlikna med seg sjølv slik han var på byrjinga av 1950-talet.

### Å vere bonde – ei eiga livsform

For å finne svar på korleis og kvifor jærbonden skilde seg frå andre norske bønder, kan ein ta utgangspunkt i Thomas Højrup(1983) sin definisjon av livsformomgrepet. Omgrepet gjev eit samanhengande bilde av korleis eit menneske er. Korleis det organiserer arbeid og fritid, korleis det lever livet frå vogge til grav. Livsforma er todelt. Ho har ei ideologisk side, eit tankeunivers, som fortel korleis folk skal leve livet, kva val dei skal gjere og kva auge dei skal sjå omverda med. I tillegg er ho avhengig av bestemte ytre føresetnader eller rammevilkår. Ideologien og rammevilkåra må

*Med konsentrasjon, maskinkraft og effektivitet, slik ser vi ofte for oss den driftige jærbonden.*

*Foto Kjell Time, Kverneland Fabrikk \*Jærmuseet*

vere i balanse med kvarandre. Endringar fører til at livsforma må gjere tilpassningar. Dersom endringane er for store vil ikkje livsforma kunne leve vidare.

Højrup meiner dei ulike livsformene skil seg i frå kvarandre i haldningane til arbeid, og peikar på tre hovud-livsformer. For dei som lever i livsform 1 er arbeid og fritid eitt. Dei både eig produksjonseininga og utfører arbeidet. I livsform 2 skil dei mellom arbeid og fritid, her er det fritida som gjev både arbeidet og livet mening. I livsform 3 er ei målretta karriere det viktigaste. Dei ser på seg sjølve som ein del av arbeidsstaden. Sjølv om dei ikkje har eigarinteresser i han, og gjerne skiftar arbeidsstad dersom dei får ei betre stilling ein annan stad.

I den fyrste livsforma finn vi den sjølvvegande bonden. Dei eig sin eigen arbeidsstad, garden, og livsforma er bygd opp kring denne produksjonseininga. Her bur og arbeider som oftast ein familie, gjerne fleire generasjonar i saman. Bøndene skil ikkje mellom arbeid og fritid, dei arbeider ikkje fyrst og fremst for å tene pengar eller vise fram status. Dei arbeider for å føre livsverket, garden, vidare til neste generasjon i betre stand enn kva han var når brukarparet tok over. Dette gjev livet mening. Familiemedlemmene blir sterkt knyta til bruket. Ungane blir teke med i arbeidet så snart dei kan. Besteforeldra fortset med å stille si arbeidskraft til disposisjon etter at dei er blitt pensjonistar, og fjernare slektningar vil stille opp i krisesituasjonar.

Livsforma sin ideologi skapar hardt arbeidande menneske. Dei er uthaldande, har høg ansvarskjensle og står på. Verdier som sjølvstende og fridom er særleg viktige. Dei er gode til å samarbeide og ofrar mykje for ei sak dei trur på. Dei er også gode til å planleggje

og å finne løysingar på problem. I tillegg er dei fysisk sterke. Desse eigenskapane gjer bønder flest til både arbeidssame og drivande, i det neste kapittelet skal vi prøve å skilje ut faktorar i ideologi og rammevilkår som gjorde jærboendene driftigare enn andre bønder.

### Livsforma til bøndene på Jæren

Går vi tilbake til 1950 vil vi sjå at Jæren var eit samfunn med få skilnadar mellom folk. Gardane var ikkje særleg store. Heile 85% var under 100 dekar. Dei hadde meir grønsaker og poteter enn kva som var vanleg, og mindre eng. Arealet til korn og oljevekster var omlag som landsgjennomsnittet. Det var ganske sikkert at dei hadde kyr, gjerne 7-8 stykker, ungdyr, og to andre husdyrslag i tillegg. Det kunne vere omlag 9 svin og 175 høner, og dersom garden låg i dei sørlegaste kommunane, var gjerne svina eller hønene skifta ut med ein 40 sauer. Dette var ein høg husdyrtettleik. Landsdelen hadde berre 2,1% av talet på personlege brukarar og 2,6% av jordbruksarealet i drift i Norge, men så mykje som 4% av storfe, 4% av kyrne, 6% av svina, 5% av sauene og 14,4% av fjørfe. Desse tala er kvantitative mål på driftigheita. Bøndene på Jæren la opp til arbeidsintensiv bruk av arealet i tillegg til eit særleg høgt husdyrtal.

Det er heller ikkje vanskeleg å finne meiningar om jærboendene si driftigheit i avisene på denne tida. Heradsagronom Ola Norang representerte fagmiljøet. Han var ny i området, og hadde innlegg i Jærbladet der han slo fast at bøndene utmerka seg.

*"Prøvelyst, pågangsmot og seig arbeidshug i samarbeid med alltid aukande kunnskap har her bore rike frukter både i plantekulturen og i stell av alle slag husdyr. Ingen stad i dette land har jordbruket jamt over hatt ein so høg standard....I denne tida med lite tilgong*



*Alle i hushaldet måtte vere med i gardsarbeidet, slik fekk ein tidleg lære korleis arbeidet skulle gjerast. Denne familien tek opp gulrot. Foto: \*Jærmuseet.*

*på arbeidshjelp, skulde ein tru folk på gardane hadde nok med å halde drifta i gong. Men sjølv no... (vert det gjort) utbetningsarbeid: Jorddyrking, bygging av siloar, potetkjellar og ymse anna."<sup>12</sup>*

Dei var fagleg oppdaterte, og ikkje redde for å prøve ut noko nytt, anten det var dyrkingsmetodar eller produkt. Dei var heller ikkje redde for å arbeide. Ein journalist frå Norges Handels og Sjøfartstidende såg det heile utanifrå, og meinte at ein kunne sjå driftigheita i ein stadig veksande eksport av jordbruksvarer ut av distriktet. Jærboendene var moderne, men dyktigheita var eit personlegdomstrekk. Dei var "djupsindige gran-skarar", med ein trong til kunnskap som vakna tidleg i barndommen.<sup>3</sup>

Korleis jærboen såg på seg sjølv får vi også illustrert gjennom Jærbladet. På byrjinga av 1950-talet var det ei rekkje artiklar om jærboar som kjøpte gard og slo seg ned på Lista. Listabøndene vart samanlikna med representantane for "dette strevsomme folkeferd" og "det unge Jæren".<sup>4</sup> Listalendingen brukte det han hadde på våningshusa, medan jærboen reinvesterte det han kunne i bruket og produksjonen. Han fekk status gjennom å vise fram ein veldriven og moderne gard.<sup>5</sup> Andreas Kolnes var eit godt døme. 17 år gamal kom han til Lista. Når han

*"spende 3 hestar for ploegen og pløgde åleine, stod folk berre og glåpte. Slikt syn hadde dei aldri sett før. Dei var vande med 1 hest og 2 mann i pløyesjauen...."*

*Dyrking av grønnsaker i den mon jærbuane har gjort hadde listalendingen aldri sett make til . Og slik som dei gauv på med kunstgjødsel. Mang ein innfødd snakka om at dei gjerne ville sjå rekneskapen for gardsdrifta til jærbuane når det leid til nyår.... Og så har det gått så reint utruleg godt for jærbuane.<sup>16</sup>*

*"Tvillaust vil den unge ætta dra lærdom av "apostlane" frå Jæren i dette stykket som i så mangt anna som knyter seg til vokstere innan jordbruket på Lista...Jærbuane er vande å arbeida, så dei heng i tidleg og seint...Men betre organiserte kjøpe- og omsetnads-tilhøve må kome dersom den jamne jordbruksdrifta på Lista skal arbeida seg fram på fullgod lønsam basis. Og her vil jærbuane skuva på, vera drivfjøla."<sup>17</sup>*

Gjennom Jærbladet møter vi fyrst og fremst ein moderne bonde. Han satsar stort, både i måten han utfører arbeidet på og i bruken av innsatsvarer. Medan andre har sterke meiningar om driftsmetodane, trur han på seg sjølv og går sine egne vegar, heng i både seint og tidleg – og lykkast. Jærboen var sjølvmedveten og hadde god tru på framtida. Skal vi oppsummere må det bli at å kunne tenke stort, å arbeide raskt og ikkje vere redd for å ta i eit tak: Det var jærsk på byrjinga av 1950-talet.

Dei naturskapte tilhøva for jordbruksdrift var, og er, gode i området. Bøndene kan utnytte seg eit mildt klima og eit flatt landskap. Dessutan er avstandane mellom bonden og marknaden små, og kommunikasjonane gode. Rammevilkåra gjer det altså lett å vere driftig bonde. Artikkane frå Lista, fortalde om bønder som flytta ut av distriktet, kjøpte gard og bygde opp mønsterbruk. Dei fortalde ikkje om dei som drog var særskilt dyktige eller interesserte i yrket, noko som vi vel må tru. Dei la vekt på at jærboendene hadde noko anna med seg. Dei eigentlege årsakene til det moderne og høgproduktive jordbruket i området fann ein i dei *personlege eigenskapane* til jærboen. Dersom vi skal

tru på aviser frå byrjinga av 1950-talet hadde dei ein ideologi som gjorde at dei arbeidde hardare enn andre.

Artikkane minner mykje om forteljingar som oppstod om jærboendene i siste del av 1800-talet. Dei handlar om askeladdar som starta med to tome hender og arbeidde fram ein veldriven gard. I bygdeboka frå Klepp møter vi ein av dei fremste, Sekinius Klepp.<sup>8</sup> I forteljingane går orda optimisme, pågangsmot og handlekraft ofte igjen. Dei trassa gjerne åtvaringar, og prøvde stadig ut nye produkt eller dyrkingsmetodar. Og ikkje minst - dei arbeidde hardt. I bygdeboka frå Sola og Madla er det eit eige kapittel om desse heltane. Dei var lite tradisjonsbundne, men opne for nye løysingar. Forfattaren, historikaren Svein Ivar Langhelle, ser premieringa i jærksamfunnet av godt arbeid som ei forklaring på det framgangsrike jordbruket. Å skulde ein jærbonde for å vere lat kunne føre til rettssak.<sup>9</sup>

Vektlegginga av arbeid, lågt forbruk og reinvesteringar gjeld ikkje berre i jordbruket i området. Historikaren Lars Gaute Jøssang talar om den "produktive jærkulturen".<sup>10</sup>

Jærboen Tor Obrestad meiner at dette arbeidsmiljøet har bitt seg fast, og finn forklaringa i "dei historiske føresetnadane for arbeidsmiljøet".<sup>11</sup> Berre gjennom *hardt* arbeid kunne ein komme vidare, anten det var i jordbruket eller på fiske. Det var eit sterkt sosialt press for at alle skulle vere med, og gjennom det han ytte vart han dømd som menneske - godt eller dårleg. Slik kunne ein sjølv bestemme om ein ville vere innanfor eller utanfor i eit miljø kor det elles var lite skilnad på folk. Diforer det ikkje tilfeldig at når ein av dei vellykka bedriftsleiarane på Jæren på slutten av 1990-talet, Inge Brigt Aarbakke, skal ha nye folk, tek han dei frå sin eigen region. Dei har disiplin og kan arbeide, og helst

vil han at dei skal ha "gardabakgrunn".<sup>12</sup> Dei kan også arbeide i saman og utvikle nye idear. Inge Brigt Aarbakke seier det slik:

*" - Det fins bare muligheter om ein spelar på lag. Nokre seier det er nedgangstider. Eg forstår det ikkje. Me tenkjer nytt og går nye vegar, og me har folka med oss. Dermed fins det bare muligheter."<sup>13</sup>*

Den jærsk arbeidsmoralen var også med når Stavanger Aftenblad summerte opp historia om det moderne Rogaland ved inngangen til eit nytt tusenår. Dei peika på "møtet mellom eit driftig folk og eit gavmildt hav". Og henta fram igjen ein av dei største askeladdane, Sekinius Klepp, og viste til evna hans til å tenke stort. Det var ikkje berre i dyrkinga av jorda at ein såg driftigheita. "Grunderheltar stod i små smier og hønsehus og utvikla produkta sine, og heldt seg ikkje for gode til gå på golvet saman med arbeidarane."<sup>14</sup>

Også i bondemiljøet har, og hadde, dei meiningar om si eiga driftigheit. Ragnhild Thu intervjuar bønder på Jæren i samband med si hovudfagsoppgåve i etnologi i 1996. Ho fann at det var ei levande førestilling blant bøndene om at dei stod for noko særskilt i arbeidsinnsats eller initiativ. Denne førestillinga finn vi også i det viktigaste fagbladet i regionen, Bondevennen. Eit godt eksempel er frå tidleg 1970-talet. Bladet diskuterte nye haldningar til ferie og fritid med sju etablerte bønder i området. Dei hadde alle bruk over gjennomsnittet, med minst 25 årskyr. På ti år hadde dei dobla mjølkemengda, og dei ville fortsette med å utvide bruket gjennom å auke talet på dyr. Bøndene slo fast at synet på velferd var i endring, men trudde ikkje det ville føre til at jærboendene vart mindre driftige. Dei unge ville også i framtida bli prega av miljøet dei var vakse opp i. "På Jæren har arbeidet gått

folk i blodet. Det er noko som har skjedd gjennom generasjonar."<sup>15</sup>

Jærboendene har ikkje alltid gitt inntrykk av å ha ein slik ideologi. Representantar for den nasjonale jordbrukseliten som kom til Jæren på byrjinga av 1800-talet sat igjen med eit heller deprimerande inntrykk. Området vart karakterisert som "det sørgerligste og mest trettende syn der er til."<sup>16</sup> Dei tilreisande vart møtt av eit stillestående jordbruk og ein konservativ bonde. Bøndene hadde mange, men sveltefora dyr. Under vårvinna vart åkrane spadde. Steinen gjorde det umulig å pløye, fjerne steinen ville dei ikkje. Dovenskap gjorde at dei heller let tara ligge å rotne enn å bruke ho til gjødsel.<sup>17</sup> Den norske jordbrukseliten framheva ikkje jærboendene som driftige - tvert imot, dei viste ein mangel på både initiativ og kunnskap.

Til jærboendene sin fordel må det understrekast at også på byrjinga av 1800-talet var det vanskeleg å finne absolutte mål på driftigheit. Den tilreisande jordbrukseliten ville fremme eit jordbruk som dei meinte var moderne. I iveren etter å stemple jærboenden som tilbakestående, vart det vanskeleg å forklare dei høge avlingane i området. På dei steinrike åkrane fekk dei kornavlingar som låg godt over landsgjennomsnittet. Dei kunne få opptil 7 fold, noko som var uvanleg sjølv i gode jordbruksområder i Danmark.<sup>18</sup> Jærboendene utnytta det gode klimaet og dyrka korn, hovudsakleg havre. Åkrane vart spadde, ikkje fordi dei ikkje kjende til ploegen, men fordi spaden gjorde betre arbeid. Folkeauken i siste delen av 1700-talet hadde sikra dei ein rikeleg tilgang på arbeidskraft i den hektiske vårvinna. Då kom det ei arbeidsvandring frå Dalane, Ryfylke og Sirdalen til Jæren. Jorda i området er næringsfattig, difor helt dei mange dyr. Rett nok var

dei både dårlege og sveltefora, men dei gav gjødsla som var nødvendige for å sikre det høge foldtalet. Utover 1800-talet gjekk prisane på arbeidskraft opp, samtidig som reiskapane vart betre og billigare. Saman med spreing av kunnskap og ein rikare tilgang på gjødsel fremma det ei endring av jordbruket på Jæren til det eliten kalla moderne.

Frå siste del av 1800-talet kunne ein sette kvantitative mål på driftigheita. Det brune landskapet vart grønt. Vatn og myrar vart senka eller tappa ut. Naturenger vart rydda for stein, grøfta og sådd til igjen med kunstgras. Nydyrkinga var omfattande, både samanlikna med dei andre delane av Rogaland og med landet elles. Det var særleg Klepp og Håland som merka seg ut.<sup>19</sup>

Det er fleire som har diskutert årsakene til overgangen frå eit såkalla tilbakeståande til eit moderne jordbruk på Jæren på 1800-talet. Tønnes Sirevåg forklara det med eit godt vårsildfiske som gav leiglendingane moglegheiter til å kjøpe benifisert gods frå slutten av 1820-talet.<sup>20</sup> Joakim Grude meinte at teigblandinga hindra rasjonell gardsdrift. Endringa kom med utskiftningslovene 1821.<sup>21</sup> Svein Ivar Langhelle påpeika at i tillegg mangla jærboendene ein marknad for jordbruksvarene før krigsåra 1807-1814. Då vart det gode pengar å tene på sal av korn til den veksande byen, Stavanger, og til tilreisande sildefiskarar.<sup>22</sup> Andre legg vekt på religiøse og kulturelle endringar når dei skal forklare kvifor utviklinga skaut fart. Det starta med Haugerørsla på byrjinga av hundreåret. For Hans Nielsen Hauge var tru og gjerning eitt, asketisk protestantisme og kapitalistisk ånd verka i saman. Rørsla stod sterkt på Jæren frå hundreårskiftet og fram til 1850. Ragnhild Thu meinte at ut frå haugianarane vekste det fram ein

økonomisk og politisk elite på Jæren, ein elite som ikkje hang fast i gamle reglar og normer. Dei fremma ei religiøs og kulturell endring slik at arbeidet, eller det å drive garden slik at han gav mest mogeleg avkastning, vart viktigare enn før.<sup>23</sup> Seinare kom rørsler som forsterka desse haldningane. "Denne bevægelse satte dybe og varige Spor i Jæderens folkeliv og lagde Religion og borgerligt Virke nærmere ind til hverandre" skreiv Joakim Grude om rørsla til Lars Oftedal.<sup>24</sup> Historikaren Berge Furre fann også ein samanheng mellom eit økonomisk og eit religiøst hamskifte på 1870- og -80-talet, og her stod Lars Oftedal sentralt.<sup>25</sup> Stein Tveite påpeika at religionen var ein føresetnad for arbeidet som vart lagt ned i jordbruket. Den "jærsk nypietismen som braut igjennom i 1860-åra, og blei forsterka då silda kvarv kring 1870...her blei den viktige føresetnaden lagt: Ei sterk understreking av arbeidet som plikt, lediggang og forbruk som synd".<sup>26</sup> I tillegg viser han til at Jæren var eit samfunn av jamlikar. Det var lett å samarbeide og å få til raske omleggingar. Historikaren Brynjulv Gjerdåker såg også ein samanheng mellom det sosiale likeverdet og driftigheita til jærboendene.

*"Bønder er jamningar. Tyngande etter tradisjon, jantementalitet eller bygdaflir synest ikkje å ha lagt band på skaparevne og tiltaksløysta slik desse kulturfaktorane i større mon har gjort i andre bygder landet rundt. Jærboar meir enn dei fleste andre nordmenn synest å ha levandegjort den protestantiske etikken og kapitalismens ånd, som den tyske samfunnsvitaren Max Weber har greidd ut om."*<sup>27</sup>

Blant historikarar og andre finn vi altså både ei stadfesting av at jærboendene gjekk igjennom ei slags omforming på 1800-talet, og orsak til denne omforminga. Frå å vere bønder som andre bønder, og kanskje


til og med latare enn andre bønder, vart jærboendene særleg driftige. Det voks fram ei sær eigen jærsk livsform. Det starta med ei endring av rammevilkåra. Økonomiske og juridiske endringar på byrjinga av hundreåret fremma eit jordbruk retta inn mot salsproduksjon og individuelle løysingar. Seinare gav kunnskap og nye og betre reiskapar nye moglegheiter. Dei lærte seg å grave grøfter slik at dei kunne ta i bruk område som låg utanfor grensene for naturleg drenering.<sup>28</sup> Når dei tok i bruk ploegen frå 1840-talet, vart det lønsamt å fjerne steinen. I tillegg fekk dei kunnskapar om korleis dei betre kunne ta vare på sin eigen gjødsel, samtidig som dei byrja å importere gjødsel. Slik vart det mogeleg å ytterlegare auke produksjonen. Jærboendene vart "moderne". Lindanger og Nordås skreiv at dei gjekk frå den eine ytterkanten til den andre. Frå å vere "spesielt gammaldags i reiskapskulturen" skulle "trua på maskinkulturen" frå rundt 1900 "verta eit særkjenne for bøndene på Jæren".<sup>29</sup>

Dei religiøse strømingane som understreka kor viktig det var å arbeide, av å forvalte det Gud hadde gitt dei i forvaring på best mogeleg måte, fekk godt fotfeste på Jæren. Skiftet i rammevilkåra hadde lagt grunnlaget for at dette skulle bli synleg i jordbruket. Den ideologiske påverknaden førte til ei endring av livsforma, og arbeid og inntening fekk ein større plass hos jærboendene enn hos andre bønder. Dei fekk ei sterkare forretningsmessig innstilling. Å ha ein moderne, veldreven gard som gav god inntening vart sjølve kjernen i det å vere ein vellykka jærbo.

Går vi tilbake til 1950, kan vi peike på nokre rammevilkår som måtte vere til stades for at denne livsforma skulle kunne eksistere. Fyrst og fremst vilkåra for jordbruksdrift, som var blant dei beste i landet.

I tillegg var infrastrukturen god og avstandane små. Det var lett å nå fram til marknaden og lett å kontrollere kva naboen måtte finne på. Bondeyrket hadde høg status, det sikra konkurranse om bruka og at dei mest interesserte ville sette mykje inn på å få seg ein gard. Dette sikra ein elite av dyktige bønder. I eit slikt tett miljø var det mogeleg å lære av kvarandre og lett å fange opp nye dyrkingsmetodar. Kvar bonde stod fritt til å utvide bruket, anten ved nydyrking eller ved å auke bruken av innsatsmidlar – eller begge deler. Dei økonomiske forholda måtte vere gunstige for intensivt husdyrhold, til dømes måtte innsatsmidlar som kraftfor eller kunstgjødsel vere rimelege. Slik kunne dei ha mange husdyr i forhold til arealet, samtidig som dei dreiv arealintensivt. Det er vanskeleg å finne objektive mål for det å vere driftig, difor var dei avhengige av å bli sett på som driftige av ein meningsbærande elite. Jordbrukseliten vart på jærboendene si side i siste del av 1800-talet, det var dei også på byrjinga av 1950-talet. Jærboendene representerte det moderne norske jordbruket, eit jordbruk som ikkje berre utnytta garden sine egne ressursar, men som også var avhengig av innsatsmidlar utanifrå. Dette synet fanst også utanfor eliten.

Livsforma hadde også ein eigen ideologi, dei såg verda med auge som var noko forskjellige frå andre i livsform 1. Højrup meiner at bøndene ikkje arbeider for å tene pengar, men for å føre garden vidare i betre stand. For ein jærboende var det eit mål i seg sjølv å tene pengar, det var viktig å ha ei forretningsmessig lønsam drift. Dei hadde ei sterk vektlegging av arbeid, og gjennom arbeidet dei leverte blei ein dømd som menneske. På andre område var dei rausare med kvarandre enn i andre bondemiljø. Det var ikkje viktig å



Det var ikkje berre bøndene som fekk ord på seg for å vere driftige – oppblomstring av smier og fabrikkar viste at det var ei eiga innstilling til arbeid i området – det fanst ein eigen produktiv jærkultur. Foto Kjell Time, Kverneland Fabrikk \*Jærmuseet.

vere tradisjonsbundne, det var viktigare å vere villige til å prøve noko nytt, å tore å gå sine egne vegar. Overskotet skulle setjast inn igjen i bruket, det skulle utvidast og drifta skulle vere moderne, det vil seie intensiv. Likeverdet blant bøndene hadde også skapt ei førestilling om at alle stod med det same utgangspunktet. Det var mogeleg for alle å skape ein veldriven gard – berre dei var driftige nok.

### Kvantitativ vekst

I dei neste kapitla skal vi sjå kva jordbruksstatistikken kan fortelje om driftigheita til jær-bøndene i etterkrigs-norge.

### Vekst i areal

Dersom ein ser på arealet, var òg er Jæren ein liten del av jordbruksnorge. Legg ein i saman areala til åker og hage, eng til silo og høy og kulturbeite får ein arealet i drift. I 1949 hadde regionen 2,6% av arealet i drift, i 1989 hadde dette auka til 4,5%. Samanlikna med flatbygdene på Austlandet, som hadde omlag same produktjonsvilkåra og moglegheiter til sysselsetting utanfor jordbruket, var veksten på Jæren underleg. Jæren hadde ein vekst i arealet i drift på 60 % mellom 1950 og 1990, flatbygdene på Austlandet ein nedgang på 26%. Men skilnadane mellom Jær-kommunane var også stor, sjå tabell 1 og 2.

Stavanger stod i ei særstilling med mindre enn halvparten av jordbruksarealet i drift i 1989 samanlikna med 1949. Randaberg hadde omlag det same arealet i drift i heile etterkrigstida. Solabonden utvida fram til 1969, kor det starta ein svak tilbakegang i jordbruksarealet. I desse kommunane mista bøndene både utmark og dyrka mark. Dei vart pressa av folketalsvekst

År	Jæren	Rogaland	Norge	Flatbygder, Austlandet
1949	275 837	546 132	10 455 631	2 196 757
1989	443 033	847 166	9 910 773	1 626 969
Vekst(%)	60	55,1	-5,2	-26

Tabell 1. Areal i drift (da). Kjelde: Jordbruksteljingane.

og andre næringar. I dei andre kommunane var veksten i areal proporsjonal med avstanden til Stavanger. Den var høgst i Gjesdal, som meir enn tredobla arealet i drift. Den største absolutte veksten var i Hå kommune. I 1949 hadde kommunane Klepp og Hå omlag det same arealet i drift. I 1989 var Hå arealmessig den klart største jordbrukskommunen. I dei sørlege kommunane kunne bøndene bruke nydyrking som eit middel til å auke produksjonen.

Kommunane Randaberg, Stavanger, Sola og Klepp ligg på Jærens lågslette. Her var det stor nydyrkings-

Kommune/År	1949	1959	1969	1979	1989	% auke i areal
Randaberg	14 581	15 212	15 785	15 444	15 335	5,2
Sola	30 721	37 549	40 902	40 486	40 234	31,0
Klepp	52 427	61 691	68 710	74 519	79 975	52,5
Time	31 856	40 494	50 608	58 269	68 499	115
Hå	53 568	64 697	78 622	102 343	111 196	107,6
Gjesdal	11 642	13 837	22 841	26 148	35 441	204,5*
Sandnes	46 264	53 571	68 315	69 900	77 300	67,1
Stavanger	34 778	34 622	25 824	19 211	15 053	-56,7

Tabell 2. Areal i drift i jærkommunane (da). Kjelde: Jordbruksteljingane.

\*Kommunesamanslåinga påverka tala. På 1960-talet vart det 91 fleire bruk i Gjesdal og samtidig auka arealet med 9 000 dekar, noko av dette var nydyrking. Dersom ein ser vekk i frå dette arealet var veksten i areal i drift i Gjesdal 127%.

aktivitet frå andre halvdel av 1800-talet og framover. Bøndene hadde fordel av å ligge nær den veksende marknaden og utskipingshamna i Stavanger. Dei hadde dyrka mykje av det tilgjengelege arealet allereie i 1950, og dei heldt fram med å ekspandere det dei kunne. Etterkvart var det mange som ikkje hadde andre alternativ enn å kjøpe eller leige jord. Til dømes var så mykje som 70% av Klepp kommune dyrka mark i 1989. Då hadde bøndene berre 12% av arealet sitt igjen til vegar, bygningar eller vidare oppdyrking. Det var ikkje slik i store delar av kommunane lengre sør. Her vart mykje fyrst skikka til dyrking etter at gravemaskinene og bulldosarane vart teke i bruk på 1950-talet. Dei nye maskinene førte til at jord det vart sett på som umogeleg å kultivere i 1950, kunne takast i bruk ti eller tjue år seinare. Tabell 3 viser korleis areal skikka til nydyrking endra seg i følgje jordbruksteljingane.

I 1949 var det liten skilnad mellom gardane. Dei fleste hadde eit areal i drift på mellom 20 og 100 dekar. I Klepp skilde bøndene seg ut med relativt fleire mellomstore bruk (100-199 dekar). Sandnes og Stavanger hadde mange av dei minste (5-19 dekar). Dei neste åra førte nydyrkinga til at bruka vart større. Endringane var størst i Time, der det var flest bruk over 200 dekar i 1989. Hå hadde ei liknande utvikling. Deretter kom Sandnes, Klepp og Gjesdal. Randaberg, Sola og Stavanger vart hengande igjen i den gamle bruksstrukturen. Sjølv om det var mest jordleige i desse kommunane, var det ikkje nok til at dei kom opp på same storleiksnivå som i sør. Samanslåing av jordbrukseigedomar var det lite av på Jæren som i resten av landet. Dermed førte nydyrkinga til at Jæren vart delt, små bruk i nord og større i sør.

Kommune/År:	1949	1969	1979
Randaberg	2 366	1 374	964
Sola	9 251	4 596	5 205
Klepp	19 820	13 177	10 110
Time	30 624	19 816	29 002
Hå	60 460	37 379	46 607
Gjesdal	10 746	5 698	9 072
Sandnes	28 353	13 879	20 200
Stavanger	8 008	1 464	2 019

Tabell 3. Udyrka areal som kunne dyrkast i Jærkommunane, 1949 – 1989 (dekar).

Kjelde: Jordbruksteljingane.

### Bruken av arealet

Det var ikkje berre storleiken på gardane som var nokolunde eins i 1949. Jærbøndene dyrka også nokolunde det same. Kvar gard hadde eit mangfald av vekstar. Saman med nydyrkinga skjedde det ei omlegging i bruken av arealet. I dette avsnittet vil det bli gjort greie for denne omlegginga, og korleis regionen også delte seg i bruken av arealet.

Tabell 4 viser utbreiinga av dei viktigaste vekstane mellom 1949 og 1989. Dei mest vanlege grønsakene til frilandsdyrking i Norge er gulrot, kvitkål, purre, løk og kålrot. Det ligg i namnet at grønsaker på friland vert dyrka ute, men småplantane kan gjerne vere ala opp inne fyrst. På grunn av det milde klimaet har Jæren nokre av dei beste vilkåra i landet for denne produksjonen. Dei kan så eller sette plantane i jorda tidleg på våren, og hauste tidleg på sommaren. På denne tida er prisane høgast. Dei kan også ha fleire avlingar på same jordstykket i ein sesong. I tillegg får dei gode avlingar. På 1960-talet tok dei i bruk plast og vart i stand til å drive grønsakene framendå tidlegare. Det var arbeidskrevjande

Steinen og steingardane vart eit symbol på slitet til jærbøndene. Etter 2. verdskrig vart mykje av dette slitet teke over av maskiner, og det vart mogeleg å drive dyrking i stor stil. Her ser vi steinhenting på gamlemåten, med hest og kjerre. Foto \*Jærmuseet.



På byrjinga av 1970-talet kom steinplukkarane. Her ser vi frå demonstrasjonen av steinplukkaren til Felleskjøpet i 1972. No kunne ein plukke stein frå traktorsetet. Foto: Bondevennen.



År	Grønnsaker på friland	Korn og oljevekster	Poteter	Grønfor og silovekster	Rotvekster til for	Brakk	Eng til slått og beite	Av dette er kulturbeite
1949	3148	39570	28318	2755	13827	275	179194	48141
1959	4879	55183	30583		17410	791	208431	106513
1969	6418	35166	17765	16784	9346	696	272773	152076
1979	5681	30035	14172	34507	2294	2958	313548	146837
1989	3988	38869	13453	51385	1341	1912	326701	142174

Tabell 4. Bruken av jordbruksarealet i drift på Jæren(dekar).  
Kjelde: Jordbruksteljingane.

å drive grønnsakdyrking på friland, anten dei dreiv som før, eller hadde tidlegproduksjon under plast.<sup>30</sup> Det var gulrot her var mykje av, og særleg i Klepp.

Aftenposten var på Jæren i 1962, og kunne fortelje om spesialisering av produksjonen – og ute på sjøgardane i Klepp var gulrot dyrking blitt sjølv hovudproduksjonen. Også fagbladet Gartneryrket meinte at ein kunne leve av gulrot dyrking på Jæren i byrjinga av 1960-talet. Grimstvedt (1999) peika på plasten si rolle i grønnsakdyrkinga. På 1960-talet kunne bøndene på mindre bruk skaffe seg ei inntekt ved å ha tidlegproduksjon av grønnsaker. Ettersom denne produksjonen vart meir mekanisert, fall mange ifrå. Det var også mange som slutta med grønnsaker på 1970-talet. I 1969 var det 1220 grønnsakprodusentar i området. Ti år seinare var det berre 427 igjen. På 1980-talet fortsette det å minke, til 291 i 1989. Grønnsakproduksjonen vart i hovudtrekk samla på Nord-Jæren. Flest produsentar var det i Klepp, men relativt var det like mange av dei i Randaberg, følgd av Stavanger og Sola. Dei som var igjen auka arealet. Dei spesialiserte seg og valde å investere i maskiner i staden for å legge ned produksjonen. Det var på slutten av 1960-talet at gulrot dyrkinga vart

mekanisert. Med maskiner var det blitt mogeleg å så eit frø av gongen, dermed vart det slutt på tynning. Ugraset vart sprøyta vekk. Transport, lagring, vasking og pakking var heller ikkje like arbeidskrevjande som tidlegare. Det einaste som var igjen var haustinga. "Ikke bare er det arbeidskrevende og slitsomt men det faller også kostbart med konegjenger eller gårdens egne folk i ukevis til opptaking i all slags vær utover høsten." I 1969 starta dei utprøving av maskiner til opptak av gulrot på Jæren.<sup>31</sup>

Også innan potetproduksjonen hadde jærbonden fordelen av å vere fyrst på marknaden om sommaren, og avlingane var gode. Poteta vart likevel nedprioritet etter 1959, liksom ho vart i resten av landet. Det var fleire årsaker til det. For det fyrste vart det på 1960 og -70 talet nesten slutt på å bruke potet eller andre rotvekstar til dyrefôr. Det svara seg ikkje samanlikna med kraftfôret.<sup>32</sup> Dernest kravde mekaniseringa av potetproduksjonen investeringar, noko berre dei som ville drive stort kunne ta seg råd til. I tillegg starta dei opp med potetproduksjon under plast. Det førte til ei spesialisering i potetproduksjonen på Jæren. I Randaberg hadde dei tradisjon for, og konkurrerte om, å vere fyrst



Potetsetting på Jæren på slutten av 1960-talet.  
Foto: Bondevennen.

ute med potetene om våren. Det var naturleg at dei tok i bruk plasten og "stal" denne marknaden. I dei andre kommunane gjekk potet dyrkinga tilbake, og særleg i Time, Hå og Gjesdal.

I 1949 hadde jærbøndene eit kornareal som landsgjennomsnittet, men mindre korn enn i Trøndelag og på Austlandet. I dei neste 40 åra vart det endå mindre korn på Jæren relativt til resten av landet. Dette var ei utvikling som starta i andre halvdel av 1800-talet. Om-

rådet hadde eit jordbruk der korn var det viktigaste produktet og husdyra var underordna som gjødselprodusentar. Dette skifta til eit jordbruk der husdyra var viktigast. Storfefekk det endelege gjennombrøtet etter hundreårskiftet. Mjølkeproduksjon vart hovudnæringa. Likevel vart Jæren sett på som Norges framtidige kornkammer rundt år 1900.<sup>33</sup> Produksjonstilhøva var dei beste. Den lange veksttida gav høgare avlingar enn i nokon annan del av landet. Og det flate landskapet gjorde det lett å bruke maskiner. Jærbonden stod fritt i val av kornsortar og -artar. Regionen var heller ikkje utsett for flaum-, tørke- eller frostskafer.<sup>34</sup> Den viktigaste kornsorten på Jæren var havre, og det var det framleis på 1980-talet.

På mange måtar var utviklinga mot eit mindre kornareal på Jæren uventa. Den norske marknaden for storfefe og storfeprodukt var metta tidleg på 1950-talet. Det vart eit politisk mål å minske storfehaldet til fordel for kornproduksjon. Middelet var å justere prisforholdet mellom korn og mjølk, til fordel for korn. Kornproduksjonen skulle skje på flatbygdene og storfehaldet skulle avgrensast til fjord- og fjellbygdene. Vatn(1989) undersøkte kva effekt dette fekk for austlandsjordbruket og konkluderte at det var med på å fremje overgangen frå husdyr- til kornproduksjon. Jæren vert karakterisert som flatbygd og kornavlingane har vore minst like høge her som på flatbygdene på Austlandet.<sup>35</sup> No skal ein vere forsiktig med å samanlikne enkeltår, men i 1954 var kornavlingane i Rogaland heile 28% høgare enn i kornområda på Austlandet.<sup>36</sup> Utviklinga på Jæren var "stikk i strid med føresetnadane og tankegangen".<sup>37</sup>

Det er fleire årsaker til at Jæren ikkje vart eit kornområde. Dei gode produksjonsvilkåra gjorde at jær-

bonden kunne velje. På 1950-talet var bruka små eller middels store (50-150 dekar). Då tapte kornet i konkurranse med salsvekster som bær, grønsaker og poteter. Her hadde regionen fordelar både innan produksjonsvilkår, omsetningsforhold og i det faglege miljøet. På 1960-talet var prisane på korn så låge at det vart utkonkurrert av potet, grønsaker eller den "lønnsomme mjølkeproduksjonen".<sup>38</sup> Dvergsdal (19-78) meinte at ein overgang til korndyrking var avhengig av store bruk og gode vilkår for arbeid utanfor bruket. Han meinte at på Jæren var bruka små og at vilkåra for grasproduksjon var ekstra gode.<sup>39</sup> I 1979 var det relativt like mange bruk over 100 da på Jæren som i flatbygdene på Austlandet, og her var fleire bruk over 200 da enn i Trøndelag. Dette var dei fremste kornområda i landet. Frå 1970-talet var det ein vekst i kornarealet i kommunane med flest små bruk, Stavanger og Randaberg. Her valde bøndene å ta seg arbeid utanfor bruket. Då var det nettopp dei små areala som førte til kornproduksjon.

Ei anna forklaring kan ein finne i samspelet mellom gode vilkår for grasproduksjon, god lønsemd i husdyrbruket og teknologisk utvikling. Mangelen på arbeidskraft tvinga fram nye hauste- og bergingsmetodar i korndyrkinga. Skurtreskjaren kom på 1950-talet, og førte til at "kornet kunne være uberørt av menneskehånd fra det stod på akset i åkeren til det havnet i kornsiloen, eventuelt i korntørka".<sup>40</sup> Haustinga av kornet kunne no gjennomførast med ein eller to mann. Arbeidsproduktiviteten vart endra. Den som la om til ein-sidig kornproduksjon kunne ta seg fulltidsarbeid utanom garden. Den fyrste tida fekk ikkje skurtreskjaren den same utbreiinga her som på Austlandet og i Trøndelag. Klimaet passa dårleg til hausting med skurtreskjar.<sup>41</sup>

Seinare vart det avla fram nye kornsortar som var tilpassa den nye teknologien. Likevel trengde kornet tre veker lengre tid på å modne på Jæren enn på Austlandet. I tillegg måtte skurtreskjarkorn stå lengre, gjennomsnittleg ti døgn, før det var moge nok til å kunne haustast. På den måten vart sesongen så lang på Jæren at ein risikerte å få avlingane øydelagt av haustregnet i år med kalde somrar.<sup>42</sup> Den lange vekstida, som tidlegare hadde vore ein fordel, vart ein ulempe med den nye teknologien.

Korndyrkinga vart meir og meir ein del av gras- og grønførproduksjonen. Eit "nødvendig vonde" så lenge det var det beste alternativet som dekkvekst i grasdyrkinga.<sup>43</sup> Dessutan pressa den nye teknologien fram eit val. Det kosta for mykje å investere i utstyr til både korn- og grasproduksjon.

Auken i driftsarealet gjekk med til å utvide arealet til grønfør og silovekstar og eng til slått og beite. Ny teknologi rasjonaliserte haustinga av graset, slåtten, på same måten som skurtreskjaren gjorde i kornbruket.<sup>44</sup> På 1960-talet kom forhaustaren og graset kunne leggest i silo urørt av menneskehender, ein eller to kunne gjere haustinga åleine.


Størst var auken i kulturbeite. Det var i byrjinga av 1900-talet ein byrja å strø kunstgjødsele mellom steinane i utmarka. Peter Tjetland frå Gjesdal var ein av dei fyrste: "Eg laut gå varleg fram...så i skodde og mørke, for folk trudde eg var galen!"<sup>45</sup> Rundt 1950 var det få som let dyra beite på ugjødsla mark.<sup>46</sup> Slik kunne jær-bonden skaffe seg store beitevidder med lite arbeid. Han kunne dra nytte av ein lang sesong og ha store husdyrflokkar. Kulturbeita auka i omfang til 1970-talet, då byrja det å gå tilbake. Det var ein samanheng mellom storleiken på kulturbeita, og kor mykje av

bøndene sitt areal som allereie var i drift. Det var mest kulturbeite i kommunane med mest utmark, Time, Hå, Sandnes og Gjesdal. På Nord-Jæren var det ein kraftig vekst i kulturbeita i byrjinga av perioden, og deretter den største tilbakegangen. Når det vart mindre areal tilgjengeleg til nydyrking, valde dei å fulldyrke jorda. Slik vart produktiviteten per arealeining høgast råd. Sjølv om Klepp var det beste døme på denne utviklinga, finn vi det same i dei andre kommunane på Nord-Jæren: Mindre utmark, mindre kulturbeite og størst tilbakegang etter 1969.

Perioden starta med ein mangfaldig bruk av arealet, det spegla kor mange moglegheiter jær-bøndene hadde. For alle dei viktigaste vekstane hadde Jæren betre produksjonsvilkår enn andre stader i landet. Tida etter 1950 var prega av spesialisering. Nokre valde salsvekster som grønsaker og poteter. Dei aller fleste valde å dyrke gras. Dei ville fortsette som heiltidsbønder, og valde vekk kombinasjonen korn og arbeid utanfor bruket fram til 1970-talet. Etterkvart vart det ein skilnad mellom kommunane. I nord, Randaberg, Sola, Stavanger og Klepp, gjekk meir av arealet til åker enn gjennomsnittleg på Jæren. Her var det ein meir mangfaldig bruk av jorda. Til dømes dreiv dei tidlegproduksjon av grønsaker på sjøgardane på Orre i Klepp. Slik kunne dei fortsette som heiltidsbønder på gardar som ikkje var meir enn rundt 100 dekar. I Randaberg gjekk nokre i gang med persilleproduksjon, og i 1992 kom 78% av persillen i landet frå denne kommunen.<sup>47</sup> På dei små gardane vart det viktig å finne sin eigen "nisje". På dei større gardane i sør vart dei grasprodu-sentar. Mykje vart lagt ut til beite til storfe og får. Nokre ser på desse kulturbeita som hovudårsaka til ekspansjonen i jærjordbruket på 1900-talet.<sup>48</sup>

## Husdyra

Det var vanskeleg å tenke seg ein gard på 1950-talet utan dyr. Sjølv dei som dreiv med grønsakproduksjon for sal hadde bruk for dyra. Dei gav verdifull gjødsele og arbeid og inntekter i delane av året kor grønsak-



Gjødsling av kulturbeiter.  
Foto Bondevennen.

produksjonen låg nede. Dei neste åra skulle stadig fleire av husdyrproduktene i landet komme frå Jæren – og frå stadig færre bruk, sjå tabell 5 og 6.

I 1949 var det nesten 48.000 storfe på Jæren, og av desse var 33.300 kyr. I 1979 var dette auka til meir enn 99.000 storfe og av dette var 41.000 kyr. Desse tala gjev inntrykk av at jær-bøndene konsentrerte seg om ungdyr og kjøtproduksjon, men dei kvalitative endringane i mjølkebruket gjev eit anna bilete. I 1956 leverte ei gjennomsnittsku 3.700 kilo mjølk i året til



År	Storfe	Kyr	Svin	Fjørfe	Sau
1949	3,9	4,3	5,8	14,4	4,9
1959	5,7	5,7	12,4	12,7	5
1969	8,2	8,9	14,2	16,5	5,3
1979	10,2	11	15,9	21,9	6
1989	10,1	10,5	13	17,1	4,9

Tabell 5. Husdyr i Norge eigd av jærbønder, 1949-1989 (%).  
Kjelde: Jordbruksteljingane.

År	Storfe	Kyr	Sau	Svin	Høner
1949		96,6	47,4	58,2	
1969		72,7	33,9	50,3	53,7
1989	66,4	57,5	29,3	26,1	15,6

Tabell 6. Bruk på Jæren som hadde dei ulike husdyrslaga i 1949, 1969 og 1989(%).  
Kjelde: Jordbruksteljingane.

År	Tørrfôr/ stråfôr	Saftig fôr (rotvekstar)	Luta halm	Surfôr	Beite	Kraftfôr	Samla tal på föreiningar
1946/47	20,5	16,6			45,9	17	2459
1956/57	15	16	4	3	43	18	2919
1963	11	10		9	38	25	3114
1966/67	5	8	5	15	32	34	3385
1974	2	3		23	31	37	3637
1976/77	1,1	1,9	2,3	25	34,2	34,2	3778
1977/78	1,4	1,7	1,9	26,5	33,7	33,7	3740
1983	0,9	1,2		29,8	30,7	35,5	3795

Tabell 7. Fôring av kyr på Sør-Jæren mellom 1946 og 1983. Fordeling mellom dei ulike fôrslaga i % av samla tal på föreiningar. Kjelde: Bergsåker 1979:80 og Søyland 1987:132.

Klepp meieri, tjuve år seinare var det auka til 5.700 kilo.<sup>49</sup> Etter krigen var det mest intensive storfebruket i Randaberg og Stavanger. Her var det flest dyr per dekar i drift. Nydyrkinga i dei neste åra skjedde i hovudsak i dei sørlegaste kommunane, samtidig la dei om til ein-sidig grasproduksjon. Det er difor naturleg at den største auken i talet på storfe kom i desse kommunane. Samtidig fekk kvart dyr mindre plass. Frå midten av 1960-talet var det mest intensive storfebruket i kommunane Hå og Klepp. Bøndene kunne ha fleire dyr per arealeining ved å legge om fôringa, sjå tabell 7.

Dei store endringane skjedde på 1960-talet. Då vart kraftfôrforbruket dobla. Beitinga fekk mindre å seie, det same gjorde høyt og rotvekstar. Samtidig slo surfôret igjennom. Dette hang saman med at fôrhaustaren kom på marknaden, særleg kom oppsvinget etter midten av 1960-talet. Då vart det mogeleg å tilsetje syra direkte under haustinga. Den effektive innhaustingsmetoden gjorde også at det vart lønsamt å halde dyra inne heile året, såkalla nullbeite. På den måten kunne dei hindre at mellom 20 og 30% av graset vart trakka ned og øydelagd. Dei kunne fø fleire dyr på same arealet. Sjølv om kulturbeitå spara bøndene for utgifter til, vart det lønsamt å fulldyrke jorda og hauste graset.<sup>50</sup>

I dei bynære kommunane, Randaberg, Sola, Stavanger og Sandnes, slutta bøndene med kyr og starta med ungdyr i staden. I Randaberg og Stavanger starta denne utviklinga allereie på 1950-talet, i Sola og Sandnes på 1960 og -70-talet. I dei andre kommunane gjekk ikkje talet på kyr ned før det vart innført kvotar i mjølkeproduksjonen på 1980-talet.

Allereie i 1949 var det stor skilnad på sauehaldet i jærkommunane. Gjesdal var den største sauekommunen på Jæren, og ein av dei største i landet. Her var det

mest interesse og best vilkår frå naturen si side, med store utmarksbeiter. Slik var det også i delar av Time, Hå og Sandnes. I Stavanger, Sola, Klepp og Randaberg var det få som hadde sau, og flokkane var små. Seinare vart dei ikkje haldne fordi dei var økonomisk viktige, men av gamal vane, eller fordi bonden likte å stelle sauene.

Det var i svine- og fjørfeproduksjonen at rasjonaliseringa gjekk lengst. På 1950-talet var det høns på nesten kvar einaste gard. På slutten av 1980-talet var det berre kvar sjettede gard som hadde høner på Jæren, til gjengjeld stod dei for 17% av fjørfe-produkta i Norge. Dei største fjørfebruka fans i Time. Saman med bøndene i Klepp og Hå var dei med på å trekke gjennomsnittstorleiken på besetningane på Jæren opp til det doble av landet elles. Fjørfe var på veg ut i Gjesdal, Sandnes og Stavanger. Medan i Randaberg heldt bøndene på eit gammalt system. Mange hadde egg og kyllingproduksjon og flokkane var berre litt større enn gjennomsnittleg i landet.

Fram til 1970 hadde annankvar bonde på Jæren grisar. Og med stadig større besetningar tok jær-bøndene over ein stor del av marknaden for svinekjøt. Det var særleg på 1950-talet at svineproduksjonen ekspanderte. I 1949 kom kvart syttande svin i landet frå Jæren, i 1959 kvart åttande. I 1949 leverte svinebøndene i gjennomsnitt 9 svin, dette auka til 46 i 1969, 82 i 1979 og heile 101 i 1989. Dei tilsvarende tala for Trøndelag var 2 i 1949, dette auka til 8 i 1969 og 61 i 1989. Moderniseringa av svinehaldet på Jæren gjekk raskt. Men ikkje like raskt i alle kommunane. Randaberg hadde dei minste flokkane i 1969 og dei største i 1989. Men det var få som dreiv med svineproduksjonen. I Klepp var besetningane heile tida store, men

produsentane vart færre. I Stavanger, Sandnes og Gjesdal var det også få som hadde svin i 1989, samtidig som dei hadde dei minste flokkane. Griseproduksjonen var på veg ut. I dei andre kommunane var det mange som fortsette med denne produksjonen og dei satsa stort. På byrjinga av 1950-talet gjekk redaktøren i *Bondevennen* til angrep på fleskefabrikkane.<sup>51</sup> Dette var bruk med meir enn 50 svin. I tillegg til at dei øydela balansen mellom tilbod og etterspurnad, såg han ein fare i at denne produksjonen skulle forsvinne ut av jordbruket. Jordbruksteljingane viser at ein stor del av denne produksjonen føregjekk på Jæren. Men medan fabrikkproduksjonen på Austlandet eller i Trøndelag var basert på eigeprodusert korn, var han på Jæren avhengig av importert kraftfôr.

Moteorda frå 1950 og -60-talet: Vekst og rasjonalisering, gjaldt for jærjordbruket heilt fram til 1990. Frå å vere ein region der kvart enkelt bruk stod for ein mangfaldig produksjon, delte området seg etter kvart inn i fleire regionar med spesialisert produksjon. Gjesdal vart kommunen med storfe og sauer og arealet vart einsidig brukt til grasproduksjon. Kvar enkelt gard hadde mange får, men storfeflokkane var små i jærsk samanheng. Interessa for å halde fram med høns eller svin minka. I Randaberg, Stavanger og til dels også Sola var det ein overvekt av små og middels store bruk. Her hadde dei den mest mangfaldige bruken av arealet, mykje poteter og meir grønnsaker på friland enn gjennomsnittleg. Det same gjeld for korn, og sjølvsagt tilsvarande mindre gras. Som husdyrbrukarar var dei også gamaldagse, bortsett frå i svinproduksjonen var flokkane små. Klepp hadde det same mangfaldet i bruken av arealet som kommunane lengre nord, men i husdyrbruket kom dei i same gruppe som Hå og Time.



Det vart etterkvart tett mellom grisane på Jæren.  
Foto: *Bondevennen*.

Eit intensivt husdyrbruk med mange dyr per arealeining og per bruk. Her var rasjonaliseringa, veksten og spesialiseringa størst. Her fann ein dei driftigaste jærboøndene. Føresetnaden låg i nye maskiner som gjorde det mogeleg å utvide arealet, og dermed storfeflokkane. I tillegg utvida dei produksjonseininga ved å ta inn driftsmiddel utanifrå. Dei vart fabrikkprodusentar på innkjøpt kraftfôr.

Veksten i husdyrproduksjonen helt fram til 1979. Då fans 3 698 av 125 302 bruk i Norge på Jæren, det

tilsvara 3%. Dei hadde over 10% av kyrne og storfe, 15% av svina, 22% av fjørfe og 6% av sauene i landet. Dei hadde satsa stort innan alle dei viktigaste husdyrslaga i landet, og resultatet var eit godt bevis på driftigheita. På 1980-talet vart det for fyrste gong etter 1950 færre husdyr på Jæren relativt til resten av landet. Dette gjaldt for alle husdyrslaga.

### Ein heiltidsbrukar med god økonomi?

"Han kalla seg bonde eller husmann, men det han dreiv med var åkerbruk, fedrift og fiske", skreiv Svein Ivar Langhelle om solabuen på 1800-talet.<sup>52</sup> Liksom yrkesbrør i landet elles, hadde jærboøndene ei attåttnæring. Fiske, og særleg vårsildfiske, var det viktigaste. Etter å ha trekt inn til kysten av Nord-Jæren i 60 år, forsvann det årlege innsiget av sild rundt 1870. Særleg i sør var det då mange som slutta å drive fiske, dei konsentrerte seg om jorda. Fiskeutstyret vart betre på byrjinga av 1900-talet. Båtane vart større og fekk motor, og det kravde større investeringar og betre hamner.<sup>53</sup> Sjølv om mange i Randaberg helt fram med å ha fiske som attåttnæring heilt fram til mellomkrigstida, var så godt som alle jærboøndene heiltidsboønder frå byrjinga av hundreåret. Med jorda som einaste utgangspunkt sat jærboønden igjen med eit større overskot enn boønder i andre delar av landet. I dette kapittelet vil det bli vist at jærboøndene helt fram med å tene godt samanlikna med andre jordbrukarar. Men det vil også bli vist at det vart eit brot med strategien frå siste delen av 1800-talet. På 1970- og 1980-talet tok fleirtalet av jærboøndene arbeid utanom garden.

1950-talet var generelt gode år i jordbruket. På Jæren fortsette dei gode åra inn på 1960-talet. På byrjinga av tiåret var lønsevna og driftoverskotet størst i denne

delen av landet. Til og med større enn på flatbygdene på Austlandet kor bruka gjennomgåande var dobbelt så store.<sup>54</sup> På midten av tiåret hadde Jæren dei høgste produksjonsinntektene, nesten dobbelt så store som landsgjennomsnittet. Det var også dei som investerte mest, i kunstgjødning, kraftfôr, andre driftsmiddel, bygningar og maskiner.<sup>55</sup> Jordbruksteljinga i 1969 gav ein oversikt over inntektene til boøndene i dei enkelte kommunane, og stadfesta at jærboøndene hadde god økonomi.

Dei hadde også ei høg formue. Både i Trøndelag og i landet elles tente boøndene best om dei ikkje hadde jordbruket som den viktigaste inntektskjelda. Slik var det ikkje på Jæren. Det intensive husdyrbruket gav gode inntekter. Boøndene i Time, Klepp og Hå tente best.


	Gjennomsnittleg inntekt	Inntekt etter bruket som leveveg.		Formue
		Einaste eller viktigaste leveveg	Ikkje viktigaste leveveg	
Rogaland	23,7	24,1	22,6	76,7
Trøndelag	17,85	17,5	18,5	43,7
Norge	18,6	18	19,2	55
Randaberg	28,1	28,1	28,2	80,5
Sola	30,1	30,5	28,3	85,2
Klepp	35,1	35,7	28,7	115,4
Time	30,6	31,5	22,7	102,7
Hå	30,1	30,7	26,1	92,9
Gjesdal	25,7	25,7	25,6	82,3
Sandnes	27,5	27,7	26,9	95,3
Stavanger	26,6	26,9	25,6	139,6

Tabell 8: Gjennomsnittleg inntekt og formue per brukar i Jærkommunane i 1969 (1000 kr).  
Kjelde: Jordbruksteljinga.

Her var gjennomsnittstorleiken på gardane størst og dei hadde flest dyr per arealeining. Men avstanden var ikkje stor til Randaberg og Sola. Saman med bøndene i Klepp hadde dei mykje åkerbruk og mange dyr. Slik kunne dei legge opp ei drift som gav gode inntekter sjølv på små gardar. I Gjesdal gav kombinasjonen storfe og får lågare inntekter.

Det var ikkje berre i 1969 at jærbygdene tente godt. Driftsgranskingane viser at også på 1970-talet skilde jærbonden seg ut med gjennomsnittleg høge inntekter frå jordbruket, og dette fortsette på 1980-talet. Den pensjonsgivande inntekta var 2,3 gonger landsgjennomsnittet i 1983. Dei hadde også best timebetaling.<sup>56</sup> Heller ikkje i områda med om lag dei same produksjonsvilkåra, fekk bøndene det same overskotet. Jærbygdene si kvantitative satsing i husdyrbruket var, økonomisk sett, vellykka.

Dei levde også i stor grad av garden åleine fram til 1980-talet, sjå tabell 9. Men det var skilnad mellom



Figur 1. Gjennomsnittleg inntekt til bøndene på Jæren, flatbygdene på Austlandet og i Trøndelag, 1977-1990. Relativt til landsgjennomsnittet.

kommunane. I 1969 var det flest heiltidsbønder i Time, Klepp og Hå. Her levde tre av fire bønder av bruket åleine. Dei tente godt og ekspanderte både i dyretal og areal. Deretter følgde Randaberg og Sola. I bykommunane, Stavanger og Sandnes, var det fleire som tok seg arbeid utanfor bruket. Med det var i industrikommunen Gjesdal at færrest hadde bruket som einaste leveveg.

Dei neste tjue åra vart det store endringar. Graden av sysselsetting på bruket vart proporsjonal med avstanden frå Stavanger. Det var særleg mange som tok seg anna arbeid i Randaberg. I 1989 levde berre kvar femte bonde i Randaberg av bruket åleine, det same var tilfelle i Stavanger. I desse kommunane var det ikkje fleire heiltidsbrukarar enn i landet elles. I Sola og Sandnes var sysselsettinga som i Trøndelag. Gjesdal, Hå, Time og Klepp hadde flest heiltidsbønder, men mindre enn halvparten levde av garden åleine. Vi kan konkludere at jærbygdene vart deltidsbønder til

År	Personlege brukarar	Bruket som leveveg (%)		
		Einaste	Viktigaste	Ikkje viktigaste
1949	4466	73	13	11
1959	4331	76	11	13
1969	3990	67	16	18
1979		60		
1989	3241	40	24	36

Tabell 9. Personlege brukarar og bruket som leveveg på Jæren 1949-1989.

Kjelde: Jordbruksteljingane. Halvdelen under 50 mål og halvdel lever berre av garden. *Bondevennen* 1982, nr 42, s. 1134-1135.

Kommune	År	Personlege brukarar	Bruket som leveveg (%)		Ikkje viktigaste
			Einaste	Viktigaste	
Randaberg	1969	271	65	17	18
	1979		47		
	1989	220	23	27	50
Sola	1969	475	65	14	21
	1989	377	35	21	45
Klepp	1969	591	73	19	9
	1989	555	49	26	26
Time	1969	432	76	13	11
	1989	383	49	25	26
Hå	1969	758	72	15	13
	1989	668	44	30	26
Gjesdal	1969	254	58	21	21
	1989	213	45	19	36
Sandnes	1969	760	62	15	24
	1989	606	36	21	43
Stavanger	1969	449	59	14	27
	1989	219	24	17	59

Tabell 10: Antal personlege brukarar og bruket som leveveg i Jærkommunane i 1979 og 1989.

Kjelde: Jordbruksteljingane. Halvdelen under 50 mål og halvdel lever berre av garden. *Bondevennen* 1982, nr. 42, s. 1134-1135.

tross for at dei fortsette å tene godt relativt til andre bønder.

Det var fleire årsaker til denne utviklinga. Gjennomsnittstorleiken på bruka vart mindre på Nord-Jæren, det vart vanskeleg for dei å oppnå same inntektsutviklinga som bøndene lengre sør. På dei små gardane var det lettare for bonden å rasjonalisere vekk seg sjølv, dersom han følgde den teknologiske utviklinga. Held vi oss til Randaberg, viste jordbruksteljinga i 1969 at dei framleis i stor grad levde av bruket åleine, sjølv på dei mindre bruka. Dette var mogeleg fordi dei hadde ein intensiv bruk av arealet, mykje åker og drivhus i tillegg til høner. Dei hadde framleis evne og vilje til å leve av garden åleine. Dette endra seg etter 1970. Då vart det ei omlegging av bruken av arealet i retning korn, som let seg lett kombinere med arbeid utanfor garden. I dei andre kommunane såg ein fyrst denne utviklinga på 1980-talet. Inntektsskilnadane mellom bondeyrket og anna arbeid vart utlikna. I 1969 tente dei fleste bøndene på Jæren best om dei hadde bruket som den viktigaste levevegen. På 1970 og -80-talet auka dei gjennomsnittlege inntektene i andre yrke i regionen, og dei vart liggande godt over landsgjennomsnittet. Bondeyrket fekk konkurranse frå andre yrke som kunne betale like mykje eller meir. I tillegg kunne dei tilby ordna arbeidstid og meir fritid. Påverknaden var stort nærast byane, og utviklinga frå 1969 til 1989 viste at det vart ein tydeleg samanheng mellom nærleiken til by og sysselsetting på bruket.

Når bøndene tok seg arbeid utanfor bruket påverka det drifta. Dei la om til mindre arbeidskrevjande produksjonar. Gåsdal(1992) fann at det var særleg i den mest arbeidskrevjande produksjonen, mjølkeproduksjonen, at det vart omleggingar. Mjølkeprodusentane

gjekk over til grovfôrbasert kjøtproduksjon. Det var sjeldan at eit bruk starta opp igjen med mjølk, det var meir sannsynleg at det neste trekket vart rein grovfôrproduksjon eller nedlegging av bruket.<sup>57</sup> Sjølv om det var fleire mjølkeprodusentar enn heiltidsbønder på Jæren i 1989, kunne ein finne ei liknande utvikling. Det var prosentvis færre bruk med kyr i dei kommunane som hadde færrest heiltidsbønder. Det var bøndene i Randaberg og Stavanger som fyrst slutta med mjølkekyr, medan talet på ungdyr gjekk opp. Denne utviklinga starta allereie på 1950-talet, medan talet på kyr fortsette å vekse på Sør-Jæren fram til 1980-talet.

I dei bynære stroka var det etter 1970 ikkje sjølv sagt at ein tok over bruket fordi ein hadde interesse av yrket, fordi ein ville vere bonde. Eit godt døme finn vi i Bondevennen frå 1982. Ein avdelingssjef på trygdekontoret i Randaberg fekk testamentert ein 88 dekar stor gard i heimkommunen. Fylkeslandbruksstyret ville at garden skulle bli tilleggsjord til naboar, men departementet omgjorde vedtaket etter anke. Kvifor ville avdelingssjef Sven Viste ha garden? For borna sin del, svara han. Kanskje ville dei drive i framtida? Han hadde kjensler for garden, det var ein slektsgard. Dessutan skulle det bli kjekt å drive gard. Han ville satse på grønsakproduksjon, men han skulle ikkje slutte som avdelingssjef på trygdekontoret.<sup>58</sup> Det er ikkje vanskeleg å forstå Sven Viste, men saka illustrerar korleis ønske om å bli deltidsbonde verka undergravande på jordbruksmiljøet. Ein driftig bonde skulle ikkje berre halde garden i hevd, han skulle vere i fremste line i utviklinga. Det var vanskeleg med eit arbeid utanfor garden. For det andre gjekk interessa for å eige ein jordbrukseigedom, føre omsynet til det kollektive jordbruksmiljøet. Med tilleggsjorda kunne naboen fått

ein gard som var stor nok til å leve av også i framtida, i staden vart det endå fleire deltidsbønder. Eksemplet viser også kor lett det var å velje vekk livsstilen til den driftige jærbonde på Nord-Jæren på byrjinga av 1980-talet. Thu(1997) meinte at bøndene på Jæren byggjer identiteten sin kring ideen om den driftige jærbonde.<sup>59</sup> I eksemplet frå Randaberg ser vi korleis dette var sett til sides. Identiteten til deltidsbonden var ikkje knytt til kva han kunne skape i dag, han ville drive garden fordi det var ein slektsgard. "Dessutan er eg vel litt romantikar", sa Sven Viste.<sup>60</sup> Det ville vere vanskeleg å finne ein jærbonde som karakteriserte seg sjølv som romantikar nokre tiår før. Tre av fem bønder hadde eit arbeid ved sidan av garden på slutten av 1980-talet. Dei helt ikkje fram med å vere heiltidsbønder med god økonomi.


### Veksten møtte grenser

Dei siste kapitla gav jordbruksteljingane sitt bilete av utviklinga i jordbruket på Jæren i tida mellom 1950 og 1990. Dei viste at jordbruket på Jæren vart meir mangfaldig. Etter 1970 kunne vi ikkje sei at ein jærbonde var det same som ein driftig bonde.

Højrup(1983) meinte at folk ville prøve å halde på eller forbetre eksistensvilkåra til ei livsform. I dei neste kapitla skal vi sjå kva strategiar jærbøndene valde når livsforma deira vart sett under press frå midten av 1960-talet og utover. Vi skal konsentrere oss om angrep på kjernen i livsforma, viljen til å vere i stadig vekst.

### Konkurrans om jordbruksjorda

Frå 1950-talet skulle industrireisning gje valuta til landet, arbeidskraft skulle ein få frå primærnæringane og folk flytta frå landsbygd til tettstader og byar. I jærkom-



Utsikta frå Ullandhaug og ut mot Hafresfjord for nokre tiår sidan. Det var jordbruket som dominerte. I dag er mykje utbygd til bygningar og vegar. Foto Mittet \*Jærmuseet.

munane var folketalsveksten større enn landsgjennomsnittet. Det var ei netto flytting til regionen. Den største absolutte veksten var i Stavanger, men relativt sett var det dei andre kommunane på Nord-Jæren som hadde den største auken i folketallet. Ser ein folketalsauken i forhold til kor mykje av arealet som var eigd, og ikkje minst driven av bøndene, ser ein at det var rom for konflikter. Det skulle areal til næringsverksemd, bustader og infrastruktur - og det måtte til ein viss grad takast frå bøndene. Korleis forsvara dei sine interesser, og kva argument brukte dei som ville ha jorda? Ein gjennomgang av diskusjonen vil fortelje

noko om stillinga til jordbruksnæringa i regionen og kva syn bøndene hadde på seg sjølve. Kjeldene er i hovudsak *Bondevennen*.

Det var på 1960-talet at konfliktane kring jordvern kom opp. Einar K. Time(1996) sette det i samanheng med etableringa av oljeindustrien på Nord-Jæren. På midten av ti-året starta oljeselskapa med leiteboring i Nordsjøen. Dette "førte vidare med seg ein sterk plan- og utviklingsoptimisme i fylket". Etter ei dempa stemning på slutten av tiåret, vart det ny optimisme med Ekofisk-funna i 1969.

" Kvar einaste kommune i fylket reservert i sine generalplanar som regel store, sentrale jordbruksland til utbyggingsfremål med optimismen på Nord-Jæren som utgangspunkt. Og dermed var den store arealplanperioden for alvor i gang, med alle jordkonfliktane i kjølvatnet."<sup>61</sup>

Ein var også uroa over Madla kommune sin regionalplan frå 1964. Her skulle den beste og mest verdifulle jorda i sentrumsnære strøk gå ut av produksjon. Samtidig byrja rykte å gå om at 10-12.000 dekar av den beste jorda i landet skulle regulerast til industri og tomter på Forus.<sup>62</sup> I 1965 kom regionplanen for Nord-Jæren. Her var det tale om ein folketalsvekst på 43% mellom 1960 og 1980. Reguleringsjef i Stavanger kommune, Unnleiv Bergsgard, meinte ein stod framfor eit val. Jæren kunne bli ein provins med stadig utflytting, eller ein kunne halde på arbeidskrafta og byggje opp eit regionalt sentrum.<sup>63</sup>

Det var ikkje berre på Nord-Jæren at interessene kolliderte. Konfliktane med jordbruket på den eine sida, og industri og bustadbygging på den andre, kom også opp i kommunestyra lengre sør på Jæren.<sup>64</sup>

Frontane var skarpe. Bøndene meinte at det ikkje vart teke jordbruksfaglege omsyn. Dei framheva dei kvalitative eigenskapane til jærjorda. Industriutbygging på Jæren ville føre til at noko av den beste jorda i landet vart øydelagd. *Bondevennen* spurde også om vi hadde råd til å legge store områder med intensivt drive jordbruk ut til bustader. Var det nødvendig, fans det ikkje andre alternativ?<sup>65</sup> Var det eit mål i seg sjølv å oppfylle befolkningsprognosane? Jæren var allereie økonomisk sterkt, med vel utbygde sentra og eit solid folkegrunnlag.<sup>66</sup> Industri burde ikkje bli lagt til Jæren i det heile, men flytta sørover i fylket. Ein burde bruke industriutbygging som eit distriktspolitisk verkemid-

del.<sup>67</sup> Eit utval nedsett av landbrukselskapet kom med sine konklusjonar i 1966. Vernet av produksjonsjord var ei samfunnssak. Det måtte gå føre "kortsynte økonomiske omsyn".<sup>68</sup> Dei kravde at politiske styresmakter tok "omsyn til grunneigarane og deira organisasjonar", før dei byrja å planleggje utbyggingar. På si side skulle Bondelaget gå føre med sakleg opplysning om emnet.<sup>69</sup> Det var særleg industrinæringa som markerte seg i *Bondevennen* som forkjemparar for utbygging av jordbruksjord. Bladet meinte desse var det "store flertall som stadig gjør seg skyldig i lettvinde, vulgærøkonomiske betraktninger om jordbrukets betydning i samfunnshusholdningen".<sup>70</sup> Den fremste representanten var næringsrådets direktør, Bjørn Sundsvik. Han var aggressiv, men argumenta var dei same som ein driftig jærbonde kunne ha brukt for å forsvare si bedrift, garden.

*"Moderne industri drift er en kontinuerlig omstrukturering og tilpassing til tidens økonomi, teknikk og markedsmuligheter. Ekspansjon og investering i tidsmessige metoder og utstyr er selve livsbetingelsen for om industribedriften skal overleve i dagens konkurranse. Et av kjennetegnene på tvers over bransjegrensene er nettopp kravet til areal som for den enkelte bedrift blir stadig større."*<sup>71</sup>

Sundsvik gjekk hardt ut imot jordbruksnæringa. Industrien sysselsette 2,5 til 3 gonger fleire. Det var dessutan ei eksportnæring. "Når det gjelder hensynet til verdens matvaresituasjon har vårt jordvern samme betydning som om vi ville fylle ut Vågen i Stavanger for å redusere folketettheten i Norge."<sup>72</sup>

På midten av 1970-talet feira jordvernet på Jæren 10-års jubileum. Stavanger var blitt Norges oljehovudstad. Generalplanen for kommunen i åra 1974 til 1985, vart lagt fram med eit like stort arealbehov som

regionplanen for 1971 til 2000.<sup>73</sup> Argumenta og frontane var som 10 år tidlegare. *Bondevennen* kunne fastslå at presset på jærjorda ville fortsette framover. Ein måtte dempe etableringa av nye arbeidsplassar, berre slik kunne ein verne jordbruksområde.<sup>74</sup> Det interkommunale samarbeidet verka ikkje. Politikarane var ute av stand til å styre utviklinga.<sup>75</sup>

I 1980 skulle Stavanger kommune legge ut areal til bustader. Industriinteressene var framleis dei mest aggressive. Dei såg seg sjølv som representantar for framtida. Dei gav nye arbeidsplassar. Sundsvik meinte at jordbruket hadde ei sikker framtid i Rogaland. For det fyrste gav arealressursane grunnlag for ei utviding av jordbruket i mange tiår. Sjølv om ein skulle få maksimum folketilvekst og om all samfunnsutbygginga skulle skje på dyrka mark. For det andre hadde bøndene statsgaranterte inntekter. Det var utenkjeleg for anna næringsverksemd.<sup>76</sup> Heller ikkje då klarte jordbruksinteressene å komme på offensiven. Dei vart automatisk til representantar for fortida, det gamle Jæren. *Bondevennen* såg for seg "nye jafs i jordbrukslandet". Dei meinte at Stavanger Aftenblad og dei lokale politikarane, med ordførar Rettedal i spissen, skauv i frå seg ansvaret og skulda på sentrale myndigheiter.<sup>77</sup>

I 1985 vart Stavanger pålagd å sjå regionen under eitt når dei skulle vedta ny generalplan for perioden fram til år 2000. I følgje *Bondevennen* stod jordvernet svakare enn 20 år tidlegare.<sup>78</sup> I juni hadde bøndene ein traktordemonstrasjon i Stavanger, og dei lokale bondelaga leverte eit brev til ordførarane i området. Argumenta var dei same som når saka kom opp for alvor på midten av 1960-talet. Dei viste til Jæren som nasjonal jordbruksressurs. I ei verd med veksande folketal, aukande svolt og jorderosjon var det meiningslaust å

øydelegge egne ressursar. Det var ei plikt å tenke på framtidige generasjonar.<sup>79</sup> Jærbonden meinte at deira rett til jorda var legitimert av at dei heldt til i det beste jordbruksstrøket i landet. Dei dreiv billegast og var mest produktive. Områdefordelar gjorde at jordbruksproduksjonen i Norge måtte skje på Jæren. Vidare utbygging av industri og bustader skulle skje i aust. Dette var argument som næringslivet burde vere einige i, men jordverninteressene nådde ikkje fram hos motparten. Tvert imot, dei vart latterleggjorde. Det var inga forståing eller dialog mellom partane. I si verd var jærbonden framleis den driftige. For andre var det likegyldig. Stemninga snudde, og på 1980-talet vart det tydeleg: Jærjordbruket vart sett i same bås som jordbruket elles i landet. Næringa var ein utgift. Jær-bøndene var sjølvmedvetne og moderne. Sundsvik sine heller usaklege angrep må ha verka sårande og urettferdige. Men den offensive, framoverretta bonden vi møtte på 1950-talet kom ikkje lengre fram. Som elles i landet hadde industrien sett jordbruket til sides, men noko av skulda må leggest på bøndene. Dei var ikkje lukkelege over å få industri eller bustader i åkeren. Men dei hadde ikkje andre løysingar enn at jordbruket skulle vere framtida, slik næringa hadde vore fortida på Jæren. Til å hjelpe seg ville dei ha ein sterk stat. Trond Lie(1987) hevda at jordbruksnæringa var pressa opp i eit hjørne. Når framtida til regionen skulle diskuteras var ho ikkje med. Bøndene heldt seg vekke fordi dei ikkje hadde noko å tilføre.<sup>80</sup> Årsaka var at dei ville halde på ei livsform som var avhengig av å kunne vekse, dei hadde ikkje noko å gje i bytte.

### Forureining

På 1960-talet vart det sett fokus på forureininga frå

jordbruket på Jæren. Fôrhaustaren kom på marknaden og alle la graset i silo. Det hadde vore vanleg å tappe den næringsrike silosafta ut i næraste bekk eller grøft. Denne praksisen førte til algeoppblomstring og at fisk døydde av oksygenmangel. Ei følgje av forureininga var at det vart stilt nye krav som sette grenser for driftsopplegga. Kva haldningar hadde jærboøndene til forureininga, og korleis vart dei nye krava teke imot?

Det var ikkje berre silosafta som førte til forureining. Dei store husdyrflokkane basert på innkjøpt fôr, gav ein ubalanse mellom gjødselmengd og spreingsareal. I tillegg brukte dei store mengder handelsgjødsel. I Norge vart forbruket av nitrogen i jordbruket sjudobla mellom 1939 og 1969, og i Rogaland brukte bøndene gjennomsnittleg dobbelt så mykje som i resten av landet. "Fylket plasserar seg dermed mellom dei jordbruksområda som har det største nitrognforbruket i verda", skreiv redaktøren i *Bondevennen* i 1969.<sup>81</sup> Dette endra seg ikkje på 1970-talet. I 1979 brukte dei dobbelt så store mengder nitrogengjødsel som bøndene i Trøndelag og på Austlandet. I 1985 viste utrekingar frå Sola kommune eit overforbruk av forfor og kalium tilsvarande 1.8 millionar kroner fordelt på 358 bønder. Av fosfor tilsvara det meir enn det doble av kva som var nødvendig. Heradsagronomen i Sola meinte at desse tala kunne overførast til dei andre jær-kommunane.<sup>82</sup> Bøndene spreidde husdyrgjødsel gjennom heile året, også når næringsstoffa ikkje vart tekne opp av plantane. Overskotet rann ut i elvar og vatn. Ved å dyrke opp myrar og jorda heilt inn til elvar og bekkar, hadde dei kvitta seg med buffersona mellom dyrka mark og vassdrag. Dei hadde kvitta seg med naturens eige reinsingsanlegg, og forverra problemet.

Det var ikkje berre jordbruket som vart møtt med

aukande kritikk på grunn av forureining på 1960-talet. Sjølv om tiåret stod i "vekstens teikn", såg ein ulempene ved industrialiseringa generelt. Samtidig skjedde det ei haldningsendring. Meiningsmålingar i 1970 viste at nordmenn syntest det var viktigare med naturvern enn vidare materiell vekst, og miljøørslene hadde god støtte og oppslutning gjennom heile åttitalet.<sup>83</sup> Staten greip inn med lover og reglar for å hindre naturødeleggingar. I 1970 kom "Lov om vern mot vannforurensing". Lova sette eit generelt forbod mot mellom anna utslepp av silopressaft til vassdrag. Samtidig byrja det å komme tekniske løysingar slik at det vart råd å samle opp silosafta. Bøndene fekk òg kunnskapar om korleis dei kunne utnytte ho som ressurs, anten som fôr eller gjødsel. Utover 1970-talet vart det sett fokus på husdyrgjødsel. I 1977 kom det forskrifter om lagring og bruk. Her vart det eit krav at det måtte verta slutt på avrenning frå gjødsellager til grunnvatn eller vassdrag innan 1981. Samtidig kom det reglar for kven som skulle prioriterast ved offentleg støtte til bruksutbygging. Dei som hadde få dyr i forhold til spreingsareal for gjødsel, skulle gå føre dei andre. Det var fyrst i 1987 at det kom krav til spreingsareal. Då skulle det vere eit samsvar mellom talet på dyr og jordbruksareal, dersom brukaren skulle få offentleg støtte til utbetringar av driftsbygningane. Ved brukarskifte skulle den nye brukaren følgje dei nye krava.

I det lokale jordbruksmiljøet var det kjent at dei store mengdene silopressaft ville skape problem.<sup>84</sup> Det var likevel ikkje bøndene sjølve, men miljøfolk som slo alarm på slutten av 1960-talet. Fisk forsvann frå vassdraga på Jæren. I tillegg måtte bønder og andre "tole ein ufyseleg stank frå avlaup når soppklysene i pressafta rotta".<sup>85</sup> Bøndene på Jæren vart uthengt i



Jærboøndene brukte store mengder gjødsel. Foto *Bondevennen*.

Stavanger Aftenblad, og utsleppa frå siloane vart samanlikna med forureininga frå millionbyar. Bøndene, oftast representert ved dei faglege rettleiarane i jordbruket, gjekk i forsvar og stod steilt imot miljørepresentantane. "Dei siste hadde ofte ei særskild evne til å setja ting på spissen, og mang ein gong kunne dette skapa heftig debatt i massemedia."<sup>86</sup> Det var eit høgt konfliktnivå frå det vart sett fokus på forureininga frå jærjordbruket, og det skulle gå lang tid før bøndene vart kvitt den negative omtala. Sommaren 1971 starta jær-prosjektet. Vasskvalitet og fiskebestand vart registrert i samband med fyrste siloslått i juni-juli i fem pressaftforureina vassdrag. Det viste at Jærbøndene fortsette med å føre næringsstoff ut i vassdraga. Redaktøren i *Bondevennen*, Per Vabø, meinte at situasjonen var fortvila. "Dei årlege oppslaga om fiskedaude er ei offentleg belastning for jordbruket, samtidig som det vil føra til stadig skjerpa kontroll frå det offentlege si side."<sup>87</sup> Så seint som på midten av 1980-talet, var det framleis problem med pressafta på Jæren.<sup>88</sup>

På byrjinga av 1970-talet forsvara bøndene seg med at dei tekniske løysingane for handtering av pressafta mangla, eller var dårlege. Å reversere utviklinga ved å gå tilbake til høyr var uaktuelt.<sup>89</sup> Dessutan mangla kunnskapane. Kvifor døydde eigentleg fisken i Figgjøvassdraget?<sup>90</sup> Det var i det heile lita forståing blant jær-bøndene for at dei skulle ta ansvar for problema dei skapte. Rogaland Bondelag uttalte på midten av 1970-talet at det moderne jordbruket kunne vere ei belastning for miljøet, men "fornuftig forvaltning og bruk av naturressursane" hadde alltid "vore ei grunnfest haldning blant bøndene". Det var staten sine rammvilkår som tvang bøndene inn i ein rasjonaliseringsprosess som førte til forureining. Difor var det staten, og ikkje

bøndene, som måtte ta ansvaret for dei negative følgjene.<sup>91</sup> På denne tida meinte Statens Forureinings-tilsyn at situasjonen i Rogaland var "meget bekymringsfull". Årsakene låg i mangel på pumper, mangel på motivering og initiativ. Bøndene utnytta den manglande kontrollen til miljøvernmyndigheitene. Dessutan var planleggingskapasiteten hos dei lokale myndigheitene dårleg. Lettvinne løysingar vart godkjent og resultatet var silokummer med lekkasje.<sup>92</sup> Eit par år seinare åtvare fylkesagronom Einar K. Time bøndene. No ville det bli mulkt på dei som prøvde å lure seg unna ei forsvarleg pressafthandtering. No kunne ein ikkje skulde på teknisk utstyr lengre, no mangla viljen.<sup>93</sup> Men når det kom meldingar om fiskedød i august 1980, skuldast det lekkasje frå eldre landkummar og gjødselkjellarar, lekkasje frå pumpekummer og vanskjøtsel.<sup>94</sup> Bodskapen til rettleiingstenesta på Jæren og *Bondevennen* var at bøndene måtte ta ansvar, ikkje fyrst og fremst for å spare miljøet, men for å unngå statlege forbod mot både "det eine og det andre".<sup>95</sup> Næringa stod samla mot "dei andre", og ville danne alliansar med andre som ville ha vekst i staden for vern.

*"Anten vi godtek det eller ikkje, så vert jordbruket i fylket meir og meir avhengig av godviljen frå dei andre yrkesgruppene som stadig vert relativt talrikare. Desse har overskot på fritid, og deira synspunkt på dette og liknande spørsmål får lett gjennomslagskraft i massemedia."*<sup>96</sup>

Rettleiingstenesta informerte, i *Bondevennen* hadde fylkesagronom Einar K. Time fleire artiklar med forslag til praktiske løysingar på silopressaftproblemet eller råd om korleis ein burde gjødsle.<sup>97</sup> Opplysningsarbeidet viste igjen i praktiske tiltak. Dei var tidleg ute på Jæren for å utnytte den næringsrike pressafta til fôr og

gjødsel. Gjerdåker(1995) meiner dette var i regi av enkeltpersonar, Jæren Forsøksring og fylkeslandbrukskontoret i Rogaland. I det heile var Jærbøndene passive.<sup>98</sup> Det lokale jordbruksmiljøet såg det på ein annan måte. Einar K. Time meinte at dei

*"lokale bondelaga på Jæren (spelte) ei nøkkelrolle som møte- og drøftingsfora. Det gjekk heller ikkje lang tid etter at ein byrja få lokale fakta på bordet, før alle interessene samla seg om målet: Reine vassdrag på Jæren."*<sup>99</sup>

Fylkesagronomen framheva også dei menneskelege sidene. Dei fleste bøndene meinte at dei lojalt gjorde "sitt beste for å ta vare på natur og miljø, og med å etterleva stadig skjerpa krav frå samfunnet. Likevel har mange følt at ingenting var godt nok."<sup>100</sup> Mange var plaga av dårleg samvit og i tillegg var dei redde for kontroll og straff. Dei stadig skjerpa miljøkrava skapte økonomiske problem. Bøndene engasjerte seg for å få betre støtteordningar, og var frustrerte over prioriteringane og den firkanta handhevinga av reglane ved Miljøavdelinga i fylket.<sup>101</sup> Frustrasjonen var særleg stor i samband med innføringa av reglane for spreingsareal. Det såg lenge ut til at kulturbeite ikkje skulle kunne bli rekna med som spreingsareal. Det ville få "katastrofale fylgjer". Dessutan meinte dei at kravet til spreingsareal "burde variera med vekstvilkår og landsdelar".<sup>102</sup> Det var vanskeleg å få gjennomslag for desse synspunkta, også i Norges Bondelag.

*"Etter kvart gjekk det og politikk i saka. Somme krinsar, også innan landbruket, ynskte også med krav til spreingsareal å kunna omfordela husdyrproduksjonen mellom landsdelar, med di Rogaland då ikkje ville få "plass" til alle husdyra. Dei oversåg heilt i denne iveren at kravet om spreieareal i høve til husdyrtalet hadde bakgrunn i "Vannforurensingslova", som umogeleg kunne nyttast som heimel for produksjonsregulering."*<sup>103</sup>

I 1989 kom dei endelege reglane, og dei viktigaste krava frå Rogaland Bondelag gjekk igjennom. "Striden stilna av etter kvart."<sup>104</sup>

Gjeråker(1996) meinte at det fyrst var etter midten av 1980-talet at det vart ei meir aktiv haldning blant bøndene på Jæren til forureiningsproblemet. Samtidig som ein klaga på reglar og føresegner, auka dei nydyrkingsaktiviteten og med det spreingsarealet, sjølv om dei ikkje lengre fekk offentleg støtte til nydyrkinga. Det vart bygd opp eit system for gjødsel-formidling. Maskinringen på Jæren stod for den praktiske organiseringa. Gjødselkjellarar vart bygde ut, slik kunne dei ta imot møk frå andre til lagring. Det vart vist stor iderikdom for å kunne halde på produksjonen.<sup>105</sup>

Handteringa av problema kring forureining eller jordvern viser eit jordbruksmiljø i møte med andre interesser. Desse møta hadde visse fellestrekk. Frontane var skarpe og skuldingane harde. Massemedia vart brukt aktivt av alle partane. Det var nytt for jær-bøndene å bli uthengt i avisene. Jordbruksmiljøet nådde ikkje fram med sine argument, dei vart isolert. Det kjem også fram i det neste kapitlet. Det tek opp problema kring ein marknad som vert for liten, og staten som kom med nye produksjonsregulerande tiltak.

### Overproduksjon

"Kva betyr nytt land for den enkelte?" spurde *Bondevennen* i 1974. Svaret gav seg sjølv, det betydde mykje.

*"Det er ein inngrodd teft - ein intuisjon - som seier at kvart eit mål nyland gjev ein større netto enn gjennomsnittsutbyttet av det opphavelige jordgrunlaget. - Ein treng ikkje innfløkte kalkylar for å få fram dette. Det er hoverekning på traktorsetet."*<sup>106</sup>



Gjødsla vart blautare og spreingsmåtane stadig meir effektive.  
Foto: Sigurd Aartun \*Bondevennen.



Foto: Bondevennen.



Foto: Bondevennen.

Nydyrkinga førte til ein auke i mjølkeproduksjonen og produktiviteten gjekk opp. Allereie på byrjinga av 1950-talet åtvara redaktøren i *Bondevennen*, Hans Aanestad, fleire gonger mot "overflodsnaud" av egg, kjøt og flesk. Trøsta var at Rogalandsbøndene følgde godt med, "dei har liksom ei kjensle av kva som vert meir og mindre mangelvare i næraste framtida".<sup>107</sup> I egg- og kjøtproduksjonen svinga det mellom over- og underskot. Det var særleg mjølk det var for mykje av. Landet var sjølvforsynt med mjølk frå 1950, og det var overskot ifrå 1952. Fram til 1957/58 var det mange europeiske land som importerte smør og ost. Det førte til gunstige prisforhold i Norge, men så var det slutt - det vart overskot i heile den vestlege verda. I jordbruksavtalane frå 1958 til 1965 stilte kraftfôrfondet med midlar, slik at ein fekk eksportere mjølkeprodukt utan at det gjekk ut over prisen til bonden. Utsiktene frå 1965 var ikkje gode. Heimemarknaden kunne ikkje ta imot meir, og det ville bli vanskeleg å få avsetjing for osten og smøret utanlands. Det positive var at prognosane for talet på kyr viste ein fortsett nedgang. Ein rekna med at ytinga pr. ku ville auke til gjennomsnittleg 3700 liter i året. Slik såg ein for seg at overskotet på ca. 300 millionar liter mjølk i 1965 ville vere halvert i 1975.<sup>108</sup> Slik gjekk det ikkje. Overproduksjonsproblemet varte ved, meir eller mindre i all husdyrproduksjon.

I ein marknad som var overmett – kven skulle produsere kva? Det var brei semje om at jordbrukspolitikken skulle vere med på å trygge busettinga i distrikta. Staten og bøndene sine organisasjonar prøvde å regulere produksjonen. Jærbonden hadde ein stor del av jordbruksproduksjonen i landet og dei tok heile tida marknadsdelar. Korleis vart jærbonden sett på av "dei andre"? Og kva meinte dei om si eiga rolle?

På 1950-talet vart dei møtt med beundring. Dei fekk det til. Dei var driftige. Dette finn ein også på 1960-talet. I 1962 hadde *Aftenposten* sendt ein journalist til Jæren. Artikkelen gjentok mykje av det same som vart skreive om jærbonden tidleg på 1950-talet. Vi møter ein ivrig bonde i Arne Braut i Klepp, han har dårleg tid til journalisten, "han trippet utålmodig etter å komme ut i potetåkeren". Jærbøndene hjalp og støtta kvarandre, men miljøet stilte store krav. Dei ville klare seg sjølv, og var ikkje redde for å arbeide hardt. Dei visste at ingenting kom gratis. Når dei no hadde det godt, hadde dei berre seg sjølve å takke. I landskapet stod steingardane som vakre monument over det harde arbeidet. Dei ramma inn "et intensivt jordbruk, som man ikke finner maken til hverken på Østlandet eller i Trøndelag".<sup>109</sup> Innteninga var god. Produksjonen var allsidig, men mjølkeproduksjonen var viktigast. Likevel var Klepp landets største svine- og hønseskommune, og hadde mest areal til gulrottyrking.

På midten av 1970-talet hadde stemninga snudd. Beundringa av jærbonden var ikkje like eintydig. Når ein gruppe bønder frå Valdres var på besøk på Jæren i 1975, la dei merke til gode avlingar og ei økonomisk drift. Men besetningane var ikkje imponerende i anna enn talet på dyr per arealeining. Ytinga var ikkje meir enn middels. Dei meinte det var naturforholda som gjorde at jærbonden gav eit inntrykk av å vere effektiv. Sjølv om det var ting som imponerte, var også turen godt for sjølvtiliten til Valdres-bøndene.<sup>110</sup> Også i fagmiljøet var det nokre som tvila på jærbøndene sin strategi. Torbjørn Tranmæl hadde vore ringleiar i Jæren Forsøksring. Han kom frå Trøndelag og ville dra tilbake etter 2 år i området i 1975. "Kva er ditt generelle syn på jærbonden", ville *Bondevennen* vite. Han hadde



## Meninger og forestillinger om jordbruket

### I VRANGSTRUPEN

— Jeg har lenge hatt bondene i vrangstrupen, ikke som mennesker, men som yrkesgruppe, sier Einar Olsen. Bakgrunnen for denne innstilling grunner seg på to hovedinntrykk: Under krigen opplevde Olsen at det ble drevet svartehandel med jordbruksvarer. Dessuten har han sittet 3 år i ligningsnemnda i Nittedal.

På spørsmålet om vi skal oppfatte dette som et saklig bidrag, svarer redaktøren at vi kan kalle det hva vi vil, men han vil det skal tas med, fordi det er et spørsmål om ærlighet fra hans side.

Olsen fortsetter: Jeg mener det er på tide at jordbruket blir side-stilt med andre næringer. Vi må bli ferdige med å forbinde denne næring med nasjonalromantiske forestillinger om bonden og jorda og Bjørnson og jeg vet ikke hva!

— Og hva skulle dette innebære for jordbruket!

— At det blir stilt strengere krav til yrkesutøverne. Jordbruket i dag er en næring basert på inntekts-overføringer fra industrien. Hver



Redaktør Einar Olsen i Rogaland Avis som stundom også engasjerer seg i jordbruks spørsmål.

fordel jordbruket oppnår, betyr en svekkelse av industriens konkurransevne.

Jeg er klar over at dagens jordbrukspolitikk for en stor del er basert på kriseforliket i 30-åra mellom Bonde- og Arbeiderpartiet, men jeg spør: Hvor lenge skal disse tilstander vare?

— Det er med andre ord svært makelige tilstander i jordbruket?

— Ikke for alle. Jeg vet det finnes småbrukere som lever under forhold, jeg vil karakterisere som umenneskelige. Men det som irriterer meg er at støtteordningene for en stor del er baserte på sosiale kriterier.

Som et eksempel på urimeligheten i dette, nevner Olsen at han vet om en jærbonde som har en Volvo personbil. — Og tenk dette er jeg med og subsidierer!

Nei, det norske jordbruk har stort sett gode dager. Det minste værromslag er nok til at tales høgt om avlingskadetrygd. Men hva skjer med industriarbeideren som blir oppsagt med et par dagers varsel? Han har ikke annet enn arbeidsledighetstrygden å stø seg til.

I samtalen kommer vi inn på EEC. Olsen vil ikke konkretisere her. Noen konkurstilstand for norsk jordbruk ønsker han ikke. Men det må være helt legitimt å kjøpe matvarene der hvor de er billigst. At norske bønder dermed vil måtte konkurrere med jordbrukere med en lavere levestandard, er ikke mer oppsiktsvekkende enn at norske industriarbeidere må gjøre det samme.

— Til slutt, Olsen, har du sett norsk jordbruk på så pass nært hold at du har noen idé om hvordan den daglige tilværelse arter seg for den norske gjennomsnittsbonde?

— Nei, det har jeg ikke.

### HVORFOR IKKE MER SAMARBEID?

Kurt Nordbo sier at det i fagbevegelsen er en utbredt oppfat-

lagt merke til buskapsstorleiken, den var uvanleg stor. Men færre dyr hadde vore like lønsamt. Han var heller ikkje i tvil om at jorda vart driven for hardt.<sup>111</sup>

Andre kom med endå hardare kritikk. Landbruks-tidsskriftet Norden spurde i 1977 om bøndene i Nord-Norge skulle ver nøydd til å solidariserer seg med "folk som har dreve spekulasjonsjordbruk av privatøkonomiske grunnar i den grad at dei har fått mjølkeproduksjonen opp i eit uføre?" Det var jær-bøndene dei sikta til, og dette hadde vore mogeleg fordi bytteverdien mellom mjølk og kraftfôr var så god. Dei beste buskapane på Jæren fekk mellom 40 og 51% kraftfôr, i tillegg til importert høy.<sup>112</sup> Sett i frå Trøndelag var det også nødvendig med ein sterkare styring av produksjonen. I dei beste jordbruksstrøka, som Rogaland, burde det dyrkast krevjande vekstar. Her var det mange bruk som hadde ein produksjon langt over norma på 1,6 årsverk, hovudsakleg bygd på mjølkeproduksjon. Rogalendingane hindra trønderane i å dyrke jorda.<sup>113</sup>

Jær-bøndene vart ikkje berre ramma av kritikk frå yrkesbrør eller fagmiljø- Dei fekk også merke at den generelt positive haldninga til norsk landbruk tok slutt på 1980-talet. Tonen i pressa vart hardare. "Vi trenger ikkje flere enn halvparten av landets 100 000 bønder for å opprettholde en rimelig jordbruksproduksjon", sa Egil Bakke i Norges Industriforbund til VG i 1982.<sup>114</sup> Han skulda jordbruket for å ha sagt nei til å vere med på ein produktivitetskampanje som LO tok initiativet til. Og tillitsvalde frå LO skulda bøndene for å opptre som haikarar i lønsoppgjera.<sup>115</sup> Mange meinte ein heller kunne importere maten, det ville bli billigare enn å fø på bøndene. Noko av dette vart retta direkte inn mot Jær-bonden. LO økonomen Rune Gerhardsen vart invitert til Sola etter at han hadde uttalt at "Sola

kommune får like mykje i jordbruksstøtte som heile Nord-Norge til saman". Sola-bøndene kjende seg urettferdig uthengde. Faktum var at "Viss jær-bonden hadde fått Finnmarks-tilskot kunne han gitt bort sauene gratis, og likevel tent på han".<sup>116</sup> Bøndene i Sola og Gerhardsen var eigentleg ikkje ueinige. Gerhardsen meinte at ein burde halde høg produksjon på effektive bruk, ein burde skilje mellom distriktspolitikk og vanleg jordbruksstøtte. Han meinte at pengane kunne brukast betre dersom ein skapte arbeidsplassar i småindustri og servicenæringar i distrikta. Sola-bøndene klarte ikkje å vise at nettopp jær-bøndene dreiv eit høgproduktivt, effektivt jordbruk. Dei var, for Gerhardsen og "dei andre", representantar for den norske bondestanden.

Jær-bøndene var i det heile uforståande til dei nye signala. For å møte overproduksjonen måtte dei norske bøndene sette bremsene på, var meldinga Amund Venger frå Norges Bondelag kom med på eit folkemøte i Klepp i 1977. Overskotet frå produksjonen burde brukast til sparing eller forbruk, og ikkje bli brukt i produksjonsapparatet med sikte på ytterlegare produksjonsauke. Ein skulle erstatte kraftfôr med grovfôr. Det Venger foreslo fekk ikkje jær-bøndene til å stemme. Å tene pengar var nødvendig for å betale gjeldsbøra.<sup>117</sup> Dei ville ikkje ta ansvaret for overproduksjonen. Det burde styresmaktene ta. Kraftfôrpolitikken skapte grunnlaget for utvidinga av mjølkeproduksjonen basert på innkjøpt kraftfôr og stråmix. Mindre arbeid og meir rotvekstar hang ikkje i saman. Tida var forbi kor ein ville "liggja heile eller halve somrane å klora i rotfårene, stå i ver og uver om haustane og kvista".<sup>118</sup> Det vart framheva at det fans ein eigen haldning til arbeid og økonomi i Rogaland. Det var som ei natur-lov at ein


måtte arbeide. I tillegg vov privatøkonomiske synspunkt tyngre her. Produksjonssenkande tiltak, som til dømes bonusordninga, kunne ikkje slå igjennom.<sup>119</sup> Gjerdåker meinte signala kom i konflikt med haldningane til arbeid, "ville dei ta arbeidet frå Jærbonden?"<sup>120</sup>

*Bondevennen* intervjuar ei rekkje bønder om overproduksjonen for å høyre kva tiltak dei ville sette i verk. Det var vanskeleg å finne nokon som ville sette i gang produksjonsreducerande tiltak som monna. Det "ville vel stå ringt til med bøndene om dei ikkje var i stand til å tenkja privatøkonomisk", sa Torleif Stangeland frå Ree ved Bryne. Han meinte jordbrukspolitikken var



Teknologien endra seg – det var vanleg med mjølkemaskiner på Jæren i 1950. I siste delen av 1960-talet kom gardstankane og tankbilane, og det vart slutt på mange tunge lyft. Foto *Bondevennen*

både sjølvmotseiande og forvirrande, og såg ikkje alternativa til produksjonsiveren på Jæren.<sup>121</sup> Det same synet fann ein igjen hos dei lokale tillitsmenna. Bjørn Dirdal, styremedlem i Rogaland Fellessalg, hadde 25 årskyr med fullt påsett og 1100 slaktegris. Han meinte konkurransemomentet var den beste drivkrafta i jordbruket. Lønsemd var, og skulle vere, det berande prinsippet. I det låg eit høgast mogeleg utbytte for den enkelte bonden. Det var "ikkje mindre enn syrgjeleg" at dette prinsippet no vart satt til sides av distriktspolitiske omsyn. Han såg i distriktstilskota ein fare for passivering av mottakaren.<sup>122</sup>



Staten greip inn for å senke produksjonsiveren på Jæren. Det var det einaste området i landet som ikkje fekk distriktstilskot for mjølk ifrå 1980. I Orre samfunnshus heldt dei folkemøte, bøndene på Jæren kjende seg forbigått og lite verdsett. Dei vedgjekk at Jæren hadde gode produksjonsvilkår og at prisane var gode, men fordelane var fyrst og fremst skapt av bøndene sjølve i eit godt utbygd produksjonsapparat. Utjammingspolitikken ville straffe dei for det. Dei ville bli dårlegare stilt enn områder med like gode naturgitte vilkår.<sup>123</sup> Endå vanskelegare var det å godta at breibygdene fekk store produksjonstillegg i forhold til Jæren i 1981. Var ikkje "dei andre" klar over at nedgangen i mjølkeproduksjonen på Austlandet etter 1950 skuldast betydelege tillegg i kornproduksjonen? Og kva med dei sosiale og velferdsmessige tilhøva i mjølkeproduksjonen? Kvifor vart det ikkje gitt kompensasjon til landsdelen som i mange år var tilsidesett, Jæren?

"Jæren er ikkje noen sareptakrukke verken når det gjelder tålmodighet eller økonomi," skreiv *Bondevennen*. Her var eit jordbruk som utnytta alle ressursar maksimalt, derfor var det sårbart for inflasjon og stigande renter.<sup>124</sup> I protest sendte bondelagsformennene på Jæren ut ei oppmoding til medlemmene om i å auke mjølkeproduksjonen. Ein måtte forstå at bøndene på Jæren bad ikkje om sær fordelar. Dei bad om å "få halde på dei fordelane som gode klimatiske vilkår, hardt arbeid gjennom generasjonar og uredde investeringar" hadde gitt dei. Jærbøndene følte seg ikkje hetsa, men gleda over å dyrke jorda vart ikkje den same som før. Ein vart ikkje stimulert til å produsere mest mogeleg.<sup>125</sup> I *Stavanger Aftenblad* møtte vi på slutten av 1980-talet ein jærbonde som var pressa og plaga av mismot. Det tidlegare så gode miljøet i mjølkeproduksjonen var i

oppløysing og ungdommen svikta næringa. Situasjonen var ein heilt anna enn på 1950 og -60 talet. "Jærbonden, sjølv lokomotivet i norsk jordbruk, slit i motbakke", skreiv *Stavanger Aftenblad*.<sup>126</sup>

## Samandrag og konklusjonar

På Jæren fanst ei eiga livsform med tilhøyrande rammevilkår og ein særeigen ideologi. Dette gjorde jærbøndene særleg driftige, det vil seie særleg drivande, arbeidssame og initiativrike. Dei som var oppvaksne i dette miljøet, hadde fått ein eigen mal for korleis dei skulle leve det rette livet. Ein levemåte dei ville gjere alt for å halde på. Samanlikna med andre bønder skilde dei seg ut med ei sterk forretningsmessig instilling. Dei ville tene pengar og vekse. Dei hadde tru på si eiga bedrift, garden, og investerte overskotet i ho.

Jordbruksteljingane viste at etter 1950 fortsette jærbøndene på ei linje dei starta på midten av 1800-talet. Dei fortsette med å vekse både i areal og i talet på husdyr. I tillegg var dei ivrige etter å ta i bruk ny teknologi. Dei fortsette med å reinvestere det dei kunne i produksjonen, dei gjorde det godt økonomisk og dei var heiltidsbønder. Dette varde fram til 1970-talet. Då vart det skilnad mellom nord og sør Jæren, og desse vart sterkare dei neste 20 åra.

Det var avgjerande for livsforma at det var mogeleg å skape eit overskot som kunne setjast inn igjen i produksjonen. Her vart det stengsler. Overproduksjon og eit politisk ønske om å bruke jordbruket distriktspolitisk la hindringar i vegen. Det same gjorde arealmangel. I kommunane nær Stavanger vart gardane verande små, det vart vanskeleg å vekse, dei vart deltidbønder – særleg etter at oljenæringa kom til regionen på 1970 og 1980-talet. Deltidsbøndene la opp



*Ein av dei driftige jærbuane på 1950-talet – Ragnvald Skjærpe. Her demonstrerer han skjærpeplogen for ti tusen menneske i 1951. Foto frå Reid Skjærpe.*

ein anna driftsformenn heiltidsbonden. Dei slutta gjerne som mjølkebønder, og la opp drifta slik at ho kunne kombinerast med eit anna yrke. For nokre vart det viktigare å halde på garden fordi det var ein slektsgard enn å drive han som ein "driftig gard". Denne utviklinga skuldast ikkje berre mangel på ekspansjonsmoglegheiter. Jærbuen var forretningsmann, dermed gjorde han det som svara seg best. Sjølv om dei tente godt samanlikna med andre bønder, kunne dei tene endå betre i til dømes oljeindustrien. Andre kunne bli lokka av pengane som vart å tene om garden skulle bli regulert om til industri- eller bustadføre mål.

Ein faktor som dreiv jordbruket på Jæren framover var moglegheitene til å konkurrere. Å kunne sjå over til naboen, samanlikne, lære og ha moglegheiter til å bli like god. Spesialiseringa førte til danning av nye nettverk, der naboen kanskje ikkje var med. Nokre vart med i gode nettverk som kunne dra medlemmene med seg i nye produksjonsmåtar eller produkt. Uten slike nettverk vart det vanskelegare å vere driftig. Miljøet vart også delt etter storleiken på gardane, når dei hadde gjort krevjande investeringar og tatt opp store lån. Det vart færre å konkurrere eller å samanlikne seg med, det vart eit mindre samla bonde-miljø på Jæren. I 1990 var det ikkje lenger eit samfunn av jamlikar.

Vi kan konkludere at i kommunane Sandnes, Stavanger, Randaberg og Sola vart bøndene ei mangfaldig gruppe – slik bønder er det i resten av landet. Nokre var driftige, andre var det ikkje, ein kunne ikkje lenger sette bøndene i desse kommunane i båsen driftige jær bønder. Jordbruksteljingane viste at det vart færre driftige bønder på Jæren, men dei viste også at livsforma framleis var levande i 1990. Særleg i "kjerneområdet" Klepp, Time og Hå.

### **Framtida til dei driftige jær bøndene**

Bondeyrket hadde høg status på Jæren, også på 1960-talet når det var eit lågstatusyrke elles i landet. Truleg fordi dei vart sett på, og såg seg sjølve som, moderne bønder – det var slike bønder landet trengde. Dersom vi går tilbake til byrjinga av 1800-talet, var det ikkje slik. Jordbruket på Jæren vart sett på som tilbakeståande, sjølv om det høge foldtalet tyda på noko anna. Driftige eller tilbakeståande er subjektive karakteristikkar. For å bli sett på som driftige bønder var jær bøndene avhengige av ein meningsbærande elite. Skildringane vi har av Jæren på tidleg 1800-tal stammer frå ein elite som ikkje synest om jær bøndene sin måte å drive jordbruk på. Dersom vi ser på haldningane som kom fram i samband med konfliktane kring jordvern, forureining eller overproduksjon, vil vi sjå at jær bøndene framleis er avhengige av slike elitar. Vi såg at jordbruksmiljøet i regionen samla seg, det vart "oss mot dei andre". For å bevare jordbruksjorda bad dei om at det vart teke jordbruksfaglege omsyn, og peika på ansvaret for å fø eit veksande folketal og komande generasjonar. Bøndene på Jæren samla seg mot industriinteressene, som brukte økonomiske argument og peika på ansvaret for å halde sysselsettinga oppe. I staden oppmoda jordbruket miljø-interessene om støtte. Dei ville også at staten skulle gripe inn på deira side. Når det kom krav om at jær bøndene skulle ta vare på miljøet, vendte dei ryggen til den same rørsla, og ville ha alliansar med dei som føretrakk vekst i staden for vern. Og bad staten om å gå ein annan stad med sine påbod. Å angripe ytre fiendar verka samlande, men verka også imot sin eigen hensikt. I staden for å lage allianser med ein elite, viste jær bøndene fram fleire ansikt, og klarte ikkje å få fram at dei var best i landet i industrielt

jordbruk. Det er vanskeleg å finne nokon som forsvara jærbbøndene på 1970- og –80-talet – og her ligg den største trusselen mot biletet av jærbbøndene som driftige. Kor driftige ein er kjem ikkje berre an på rammevilkåra, det kjem også an på augene som ser.

## Etterord

Frå slutten av 1800-talet var jordbruket på Jæren i raskare vekst enn i andre delar av landet – hundre år seinare vart det eit brot. På 1980-talet stansa veksten

## Fotnotar

- Tveite 1983  
<sup>2</sup>Nydyrkinga har auka monaleg i Time. *Jærbladet*, 20.01.1950.  
<sup>3</sup>Blått hav med måkeskrik og dyrkede jærvidder. *Jærbladet*, 22.08.1950. Artikkelen var henta frå *Noregs Handels- og Sjøfartstidende*.  
<sup>4</sup>Ung jærsk arbeidskraft har gått i gang med myrviddene på Lista. *Jærbladet*, 2.05.1950.  
<sup>5</sup>Jærbuane på Lista ser det listalendingen ikkje ser i jordbruket. *Jærbladet*, 27.06.1950.  
<sup>6</sup>Jærbuane på Lista er apostlar for ein vidfemnande ekspansjon i jordbruket der. *Jærbladet*, 11.05.1951.  
<sup>7</sup>Jærbuane på Lista er apostlar for ein vidfemnande ekspansjon i jordbruket der. *Jærbladet*, 18.05.1951.  
<sup>8</sup>Lindanger, B. og H. Nordås 1987:138.  
<sup>9</sup>Langhelle 1983:99,43.  
<sup>10</sup>Jøssang 1991:40.  
<sup>11</sup>Obrestad, Tor 1999b.  
<sup>12</sup>Obrestad, Tor 1999b.  
<sup>13</sup>Obrestad, Tor 1999a.  
<sup>14</sup>Hetland, Tom 1999.  
<sup>15</sup>Vabø 1972:212-215.  
<sup>16</sup>Grude 1976:9.  
<sup>17</sup>Flor 1995:71 og 96.  
<sup>18</sup>Valen-Sendestad 1964:28.  
<sup>19</sup>Lindanger, B. og H. Nordås 1987:138.  
<sup>20</sup>Sirevåg 1938.  
<sup>21</sup>Grude 1976 del I:28f.  
<sup>22</sup>Langhelle, Svein Ivar. 2000.  
<sup>23</sup>Thu 1996:41.  
<sup>24</sup>Grude 1976, del 2:76.  
<sup>25</sup>Furre 1986:23.

opp, og i 1989 kom ein mindre del av husdyrprodukta i Norge frå Jæren enn kva det gjorde i 1979. Denne artikkelen sluttar med 1990. No er resultata frå den siste jordbruksteljinga klar, og det er mogeleg å følgje utviklinga fram mot tusenårsskiftet. Ein vil kunne sjå om 1980-talet markerte eit skilje og vart starten på ei utvikling kor Jæren vart ein mindre viktig jordbruksregion. Ein vil sjå om det vart færre driftige jærbbønder, om livsforma er livskraftig eller er i ferd med å døy ut – om jærbbøndene er i ferd med å bli som andre bønder.

- <sup>26</sup>Tveite 1983:51.  
<sup>27</sup>Gjerdåker 1996:371.  
<sup>28</sup>Grude 1976  
<sup>29</sup>Lindanger, B. og H. Nordås 1987:152.  
<sup>30</sup>Grimstvedt 1999: 12 og 21.  
 Kan maskinell gulrotopptaking erstatte konegjeingene? *Bondevennen*, 1969, nr. 39, s. 1060.  
<sup>31</sup>Gjerdåker 1995:221.  
<sup>32</sup>Lindanger, B og H. Nordås 1987:174  
<sup>34</sup>Både sigd og skurtrøskjar i vitskapleg skuronn på Rogaland Stamsægdard. *Rogaland* 3.09.1966.  
<sup>35</sup>Vatn 1989:122 og 27  
<sup>36</sup>Thormodsæther 1960:57.  
<sup>37</sup>Vatn 1989:27  
<sup>38</sup>Thormodsæther 1960:59.  
<sup>39</sup>Dvergsdal 1978:33f.  
<sup>40</sup>Haarstad 1989:29  
<sup>41</sup>Jæren har auka byggarealet med 400 pst. og havrearealet med 80 pst. etter krigen. *Jærbladet* 24.03.1961. Både sigd og skurtrøskjar i vitskapleg skuronn på *Rogaland* Stamsægdard. *Rogaland* 3.09.1966.  
<sup>42</sup>Korleis er planteproduksjonen lagt opp i år? *Bondevennen*. 1969, nr.19, s. 586-589.  
<sup>43</sup>Dersom ein sår ei blanding av korn og grasfrø, vil kornet verke som dekkvekst. Det vil spire fyrst og gje avling det fyrste året, medan enga blir klar året etter.  
<sup>44</sup>Haarstad 1989:30  
<sup>45</sup>Time 1964:222  
<sup>46</sup>Maskinar kan dyrka 8000 mål god jord i Varhaug. *Jærbladet* 23.10.1951.  
<sup>47</sup>Lindanger 1996:129  
<sup>48</sup>Time, Tor Rolv 1964:222; Frå steinsatte kulturbeite til Norhybrid.

- Bondevennen*. 1986 nr. 24 s.8.  
<sup>49</sup>Bergsåker 1979:79.  
<sup>50</sup>Søyland 1987:143 og 122.  
<sup>51</sup>*Bondevennen* 1952:417 og 1953:707  
<sup>52</sup>Langhelle 1983:104  
<sup>53</sup>Lindanger, B. og H. Nordås 1987:180  
<sup>54</sup>Lønsevnem på Jæren størst i heile landet. *Jærbladet* 14.09.1962.  
<sup>55</sup>Produksjons-investeringane i Jærens jordbruk dobbelt så store som landsgjennomsnittet. Messeavisen, bilag til Rogaland 16.06.1967.  
<sup>56</sup>Lajord 1991:89  
<sup>57</sup>Gåsdal 1992:89,98.  
<sup>58</sup>Halvdelen under 50 mål og halvdelen lever berre av garden. *Bondevennen*. 1982, nr. 42, s. 1134-1135.  
<sup>59</sup>Thu 1997:101.  
<sup>60</sup>Halvdelen under 50 mål og halvdelen lever berre av garden. *Bondevennen*. 1982, nr. 42, s. 1134-1135.  
<sup>61</sup>Time 1996:101-104.  
<sup>62</sup>Regionplan - jordbruksareal – friareal. *Bondevennen*, 1964, nr. 44, s. 1068.  
<sup>63</sup>Med Nord-Jæren som utgangspunkt. *Bondevennen*, 1965, nr. 50/51, s. 1421.  
<sup>64</sup>Jærbruar er vi først og fremst. *Bondevennen*, 1968, nr. 3, s.72; Underhaug, A. 1968.  
<sup>65</sup>På Jærens hellige jord. *Bondevennen*, 1965, nr. 14/15, leiar.  
<sup>66</sup>Bv. 's kommentar. *Bondevennen*, 1968, nr. 11.  
<sup>67</sup>Vekst - vekst – vekst. *Bondevennen*, 1966, nr. 46, s. 1286.  
<sup>68</sup>Time 1996:104.  
<sup>69</sup>Time 1996:104.  
<sup>70</sup>Bondevennenes kommentar. *Bondevennen*, 1969, nr. 7.  
<sup>71</sup>Industrien har sitt behov for kontinuerlig omstrukturering. *Stavanger Aftenblad*, 5. 09.1969.  
<sup>72</sup>Industri, jordbruk og "pressområde". *Bondevennen*, 1969, nr. 7, s. 198.  
<sup>73</sup>Ved en korsveg. *Bondevennen*, 1974, nr. 8, leiar.  
<sup>74</sup>Jordvern og "Utbygging Øst". *Bondevennen*, 1978, nr. 30/31, s. 766.  
<sup>75</sup>"Stokkelandsmarka" eller Bogsdalsområdet som framtidig utbyggingsområde?. *Bondevennen*, 1978, nr. 2, s. 46.  
<sup>76</sup>Jordvern på Nord-Jæren. *Bondevennen*, 1981, nr. 34/35, s. 848.  
<sup>77</sup>"Sentralmyndighetenes svikt". *Bondevennen*, 1981, nr. 14, s. 468, leiar.  
<sup>78</sup>Den viktigste jordvernsak på 20 år. *Bondevennen*, 1985, nr. 20/21, leiar.  
<sup>79</sup>En kursendring i jordvernpolitikken. *Bondevennen*, 1986, nr. 27/28, leiar.  
<sup>80</sup>Lie, T. 1987  
<sup>81</sup>Vabø, Per. 1969  
<sup>82</sup>Berge, R. 1985:429-430.

- <sup>83</sup>Lange 1998:201 og Furre 1993:421,424.  
<sup>84</sup>I *Bondevennen* frå 1970, nr.52, fortel Einar K. Time at rettleiarane i jordbruket på Jæren allereie i 1966 var klar over at silopressafta måtte fjernast. Året etter var Karmøy og Utsira Bondelag på tur til Jæren, og reiseleiaren frå Landbruksksselskapet "spådde at Rogaland nok ville få store miljøproblem med pressafta framover".  
<sup>85</sup>Time 1996:125.  
<sup>86</sup>Time 1996:126,127.  
<sup>87</sup>Vabø, Per. 1980: 911.  
<sup>88</sup>Gjerdåker 1995:377.  
<sup>89</sup>Time, Einar K. 1970:1574-1575,1584.  
<sup>90</sup>Vabø, Per. 1970:1438-1439.  
<sup>91</sup>Gjerdåker 1995:381.  
<sup>92</sup>Tørud, Bjørn. 1975:1020-1021.  
<sup>93</sup>Time, Einar K. 1977: 59.  
<sup>94</sup>Vabø, Per. 1980: 911.  
<sup>95</sup>Time, Einar K. 1969:516. og Time, Einar K. 1973:1181.  
<sup>96</sup>Time, Einar K. 1977:59.  
<sup>97</sup>Døme på dette finn ein i *Bondevennen*, her har han to artiklar om silopressafta i 1972, i nr. 1 og 2. Året etter finn ein eit døme på korleis ein bør handtere svinegjødsla i nr. 47.  
<sup>98</sup>Gjerdåker 1995:377.  
<sup>99</sup>Time 1996:126.  
<sup>100</sup>Time 1996:142.  
<sup>101</sup>Time 1996:129,130.  
<sup>102</sup>Time 1996:134.  
<sup>103</sup>Time 1996:134.  
<sup>104</sup>Time 1996:135,136.  
<sup>105</sup>Gjerdåker 1995:383.  
<sup>106</sup>Vabø, P. 1974a:210.  
<sup>107</sup>Aanestad, H. 1952a,b og c.  
<sup>108</sup>Slagsvold, P. 1965.  
<sup>109</sup>Breili, M. 1962.  
<sup>110</sup>Stokstad, E. 1975:910.  
<sup>111</sup>Forsøksringen – ingen eksklusiv klubb. *Bondevennen*, 1970, nr. 31/32, s.916.  
<sup>112</sup>Mjølkproduksjonen i Rogaland – sett frå Nord-Norge. *Bondevennen*, 1977, nr.12, s.371.  
<sup>113</sup>Kanstad, T. 1968:108.  
<sup>114</sup>Vabø, P. 1982b:109  
<sup>115</sup>Vabø, P. 1981b:508.  
<sup>116</sup>Vedvik, N. K. 1985.  
<sup>117</sup>Klette, B. 1977:370-371.  
<sup>118</sup>Haga, J. 1977:266.  
<sup>119</sup>Klette, B. 1977:370-371.  
<sup>120</sup>Gjerdåker, B. 1995:371.  
<sup>121</sup>Vabø, P. 1977:526-529.  
<sup>122</sup>Vabø, P. 1978:590-593.  
<sup>123</sup>Etter Orre-møtet. *Bondevennen*, 1980, nr.8, s. 237.

<sup>124</sup> Vabø, P. 1981a:708.

<sup>125</sup> Bonde anno 1984 – upopulær einsam og stressa? *Bondevennen*, 1984, nr. 50-51, s. 1431.

<sup>126</sup> Nedrebø, R. 1988.

## Litteraturliste

Bergsåker, J. 1979. *Klepp Meieri 1879 – 1979*. Klepp Meieri.  
Dvergsdal, Ola. 1978. *Områdeinndeling i norsk jordbruk*. Telemark distriktshøgskole Bø.  
Flor, P.P. 1995(1811). *Oekonomisk reise til Lister og Jedderen*, Stavanger.  
Fossåskaret, E. og B. Furre (red.) 1987. *Rogalandskulturen mellom religion og politikk. Ei tverrfagleg vandring gjennom 120 år*. Høgskolesenteret i Rogaland. Arbeidsrapport nr. 77. Stavanger.  
Furre, B. 1987. *Rogaland – noko for seg. Kven var oftedølene?* i Fossåskaret, E. og Berge Furre (red.) 1987:6-27.  
Furre, B. 1993(1992). *Norsk historie 1905 – 1990*. Oslo.  
Gjerdåker, B. 1995. *Bygdesamfunn i omveltning 1945-1996*.  
Grimstvedt, M. 1999. *Plast i jordbruket*. Stensil. Jærmuseet, Nærbø.  
Grimstvedt, M. et al.(red). 1991. *Sjå Jæren*. Årbok for Jærmuseet, Nærbø.  
Grude, J. 1976(1908) *Jæderen* Del 1(2).  
Gåsdal, Odd. 1992. *Nedlegging av bruk og skifte av produksjonsretning* i Simonsen, Jesper og Arild Vatn(red.) 1992:87-103.  
Harstad, K. *Legg om eller legg ned. Trøndersk jordbruksstruktur i etterkrigstiden*. i Slettan, Dagfinn (red.) 1987:27-37.  
Jøssang, Lars Gaute. 1991. *Brøyttopppinnarane i Kolheia* i Grimsstvedt et al. (red) 1991:25-43.  
Lajord, A. 1991. *Jordbruket i distriktøkonomisk samanheng*. Ås.  
Lange, Even. 1998. *Samling om felles mål 1935 – 1970*. (Knut Helle (red.) Aschehougs norgeshistorie bd. 11). Oslo.  
Langhelle, Svein Ivar. 1983. *Soga om Sola og Madla*. Bind III(III). Sola kommune.  
Lindanger, Birger og Halvard Nordås. 1987. *Klepp bygdesoge 1837-1987*.  
Lindanger, Birger. 1996. *Randaberg Kultursoga frå 1945 til 1996*. Randaberg kommune.  
Simonsen, Jesper og Arild Vatn (red.). 1992. *Landbruk i endring fra opptrapping til omstilling*. Oslo.  
Sirevåg, T. 1938. *Jæderen på veg frå naturhushaldet*.  
Slettan, Dagfinn (red.) 1989. *Trønderske bondesamfunn 1930-1980*. Lillehammer.  
Søyland, M. 1987. *Jordbruket i Time*. i Aarestad, T. et al.(red.). 1987:109-180.  
Thormodsæther, Arne. 1960. *Regionale ulikheter i norsk jordbruk*.  
Thu, R. 1996. *Vår nye bondekultur – når det moderne vert tradisjon*. Hovudoppgåve frå Universitetet i Bergen.  
Time, Einar K. 1996. *For rogalandsbonden i motgang og medgang*. Stavanger.

Tveite, Stein. 1983. *Den driftige jærbu – myte eller realitet?* i Utne, B. S. et al. (red.) 1983:45-51.

Utne, Bjørn S. et al. (red) 1983. *Stavanger Museum Årbok 1982*.

Valen-Sendestad, Fartein. 1964. *Norske landbruksredskaper*.

De sandvigske samlinger, Lillehammer.

Vatn, A. 1989. *Landbrukspolitikk og regional spesialisering*. Norges Landbruksforskole. Institutt for landbruksøkonomi. Melding nr. 60, Ås.

Aarestad, Torleiv et al.(red.) 1987. *Time herad fram til 1987*. Time kommune.

## Artiklar i aviser og tidsskrift, avisinnlegg.

Berge, R. 1985. Gjødsling og forureining. *Bondevennen*, nr. 13-14, s.429-430.

Blått hav og måkeskrik og dyrkede jærvidder.

*Jærbladet*, 22.08.1950

Bonde anno 1984 – upopulær, einsam og stressa?

*Bondevennen*, 1984, nr. 50-51, s.1431.

Bondevennenes kommentar. *Bondevennen*, 1969, nr. 7.

Breili, M. 1962. Bøndene på Jæren får lønn for slitet.

Stakkarsdommen avløst av velstand. *Aftenposten*, 20.10.

Bv.`s kommentar. *Bondevennen*, 1968, nr. 11.

Både sigd og skurtroskjar i vitenskaplig skuronn på Rogaland Stamsædgard. Rogaland 03.09.1966.

Den viktigste jordvernsak på 20 år. *Bondevennen*, 1985, nr. 20/21, leiar.

En kursending i jordvernpolitikken. *Bondevennen*, 1986, nr. 27/28, leiar.

Etter Orre-møtet. *Bondevennen*, 1980, nr.8, s.237.

Forsøksringen – ingen eksklusiv klubb. *Bondevennen*, 1970, nr.31/32, s.916.

Frå steinsette kulturbeite til Norhybrid. *Bondevennen*, 1986, nr 24, s.6-8.

Haga, J. 1977. Stormøte på Klepp. *Bondevennen* nr. 9, s.266.

Halvdelen under 50 mål og halvdelen lever berre av garden.

*Bondevennen* 1982, nr.42, s. 1134-1135.

Hetland, Tom. 1999. Slit og slump. *Stavanger Aftenblad*, 31.12.

Industri, jordbruk og "pressområde". *Bondevennen*, 1969, nr. 7, s. 198.

Industrien har sitt behov for kontinuerlig omstrukturering.

*Stavanger Aftenblad*, 5. 09.1969.

Jordvern og "Utbygging Øst". *Bondevennen*, 1978, nr. 30/31, s. 766.

Jordvern på Nord-Jæren. *Bondevennen*, 1981, nr. 34/35, s. 848.

Jærbuane på Lista er apostlar for ein vidfemnande ekspansjon i jordbruket der. *Jærbladet*, 11.05.1951.

Jærbuane på Lista er apostlar for ein vidfemnande ekspansjon i jordbruket der. *Jærbladet*, 18.05.1951.

Jærbuane ser det listalendingen ikkje ser i jordbruket.

*Jærbladet*. 27.06.1950.

Jærbuar er vi først og fremst. *Bondevennen*, 1968, nr. 3, s.72.

Jæren har auka byggarealet med 400 pst. og havrealarealet med 80 pst. etter krigen. *Jærbladet* 24.03.1961.

Kan maskinell gulrotopptaking erstatte konegjengene? *Bondevennen* 1969, nr.39, s.1060.

Kanstad, T. 1968. Landbrukspolitikken vår sett neden i fra.

*Bondevennen* nr.4, s.108-109.

Klette, B. 1977. Spirit of Rogaland. *Bondevennen* nr.12, s. 370-371.

Korleis er planteproduksjonen lagt opp i år? *Bondevennen* 1969, nr 19, s.586-589.

Langhelle, Svein Ivar. 2000. Jærsk arbidsmoral og haugianismen. *Stavanger Aftenblad*, 10.01.

Lie, T. 1987. Bli det bønder att etter år 2000. *Bondevennen* nr.5, s.4.

Lønsevnen på Jæren størst i heile landet. *Jærbladet* 14.09.1962.

Maskinar kan dyrka 8000 mål god jord i Varhaug. *Jærbladet* 23.10.1951.

Med Nord-Jæren som utgangspunkt. *Bondevennen*, 1965, nr. 50/51, s.1421.

Mjølkeproduksjonen i Rogaland – sett frå Nord-Norge.

*Bondevennen*, 1977, nr.12, s.371.

Nedrebø, R. 1988. Jærbonden mot utrygg framtid. *Stavanger Aftenblad*, 08.03.1988.

Nydyrkinga har auka monaleg i Time. *Jærbladet*, 20.01.1950.

Obrestad, Tor. 1999. Atten år i oppoverbakke. *Stavanger Aftenblad*, 28.09.

Obrestad, Tor. 1999. Hardt arbeid og likeverd. *Stavanger Aftenblad*, 28.09.

Produksjons-investeringane i Jærens jordbruk dobbelt så store som landsgjenomsnittet. *Messeavisen*, bilag til Rogaland 16.06.1967.

På Jærens hellige jord. *Bondevennen*, 1965, nr. 14/15, leiar.

Regionplan – jordbruksareal – friareal. *Bondevennen*, 1964, nr.44, 's.1068.

"Sentralmyndighetenes svikt". *Bondevennen*, 1981, nr. 14, s. 468, leiar.

Slagsvold, P. 1965. overskudd av mjølk og avsetning av overskudet. *Bondevennen* nr.32.

"Stokkelandsmarka" eller Bogsdalsområdet som framtidig

utbyggingsområde?. *Bondevennen*, 1978, nr. 2, s. 46.

Stokstad, E. 1975. Vadreser på besøk til Jæren. *Bondevennen* nr.38, s.910.

Time, Einar K. 1970. Jær-siloane og elvane nok ein gong.

*Bondevennen* nr.52, s. 1574-1575,1584.

Time, Tor Rolv. 1964. Beitespørsmålet slik ein bonde ser det.

*Bondevennen* nr. 10, s.222-223.

Tørud, B. 1975. Silopressaft og forurensing. *Bondevennen* nr. 42-43, s.1020-1021.

Underhaug, A. 1968. Fra en villfaren. *Bondevennen*, nr. 11, s. 330.

Ung jærsk arbeidskraft har gått i gang med myrviddene på Lista. *Jærbladet*. 02.05.1950.

Vabø, P. 1972. Større produksjon eller meir velferd? *Bondevennen* nr.9, s.212-214.

Vabø, Per. 1970. BV`s kommentar. *Bondevennen* nr.47, s.1438-1439.

Vabø, Per. 1974. Et gløtt inn i "fremtidens land" *Bondevennen* nr.8, s.210-213.

Vabø, Per. 1977. Det er i detaljane at den gode økonomien ligg gøymt. *Bondevennen* nr.16, s.526-529.

Vabø, Per. 1978. Eit høggast mulig utbytte – distriktspolitikken forkludrar omgrepa. *Bondevennen* nr.21, s.590-593.

Vabø, Per. 1980. Tenk på silopressafta. *Bondevennen* nr.31-32, s.911.

Vabø, Per. 1981a. Endå større avstand mellom Jæren og breibygdene. *Bondevennen* nr.24-25, s.708-709.

Vabø, Per. 1981b. Jordbruket på sparket. *Bondevennen* nr.17-18, s.508-509.

Vabø, Per. 1982b. Jordbruket og produktivitetskampanjen. *Bondevennen* nr.4, s.109.

Ved en korsveg. *Bondevennen*, 1974, nr. 8, leiar.

Vedvik, N.K. 1985. Fredeleg "grilling". *Stavanger Aftenblad*, 17.01.1985.

Vekst - vekst – vekst. *Bondevennen*, 1966, nr. 46, s. 1286.

Aanestad, H. 1952a. *Bondevennen* nr. 51, s.786.

Aanestad, H. 1952b. *Bondevennen* nr. 16, s.225-226.

Aanestad, H. 1952c. *Bondevennen* nr. 28, s.417.